


Ansvar for overvasskader etter forureiningslova § 24 a

Kandidatnummer: 17

Tal ord: 14 747



JUS399 Masteroppgåve

Det juridiske fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN

1. juni 2017

Innholdsliste

1	Innleiing	5
2	Historia bak forureiningslova § 24 a	6
2.1	Innleiing	6
2.2	Rettspraksis frå vass-og avlaupssektoren	6
2.3	Tidlegare reglar i vassdragslova	8
2.3.1	Innleiing	8
2.3.2	Objektivt ansvar for manglande dimensjonering	8
2.3.3	Objektivt ansvar for manglande vedlikehald	9
2.4	Oppsummert	10
3	Forholdet mellom forureiningslova § 21 og § 24 a	11
3.1	Innleiing	11
3.2	Metodiske utfordringar knytt til vilkåret “avløpsanlegg” i forurl. § 24 a	11
4	Kor langt rekk ansvarsregelen i forureiningslova § 24?	13
4.1	Innleiing	13
4.2	Kva vatn er å rekna som “avløpsvann”?	13
4.3	Kva kjenneteiknar eit “avløpsanlegg”?	18
4.3.1	Anlegg for “transport og behandling”	18
4.3.2	Kva innretningar er å rekna som “avløpsanlegg”?	21
4.3.3	Dreneringsystem til veg eller “avløpsanlegg”?	23
4.3.4	Drensleidning eller “avløpsanlegg”?	24
4.3.5	Grøft eller “avløpsanlegg”?	27
4.3.6	Vassdrag eller “avløpsanlegg”?	29
4.3.7	Ansvar for “vassdragstiltak” eller for “avløpsanlegg”?	30
4.3.8	Oppsummert om omgrepa “avløpsvann” og “avløpsanlegg”	30
4.4	Ansvar for anleggseigar	31
4.5	Skadeårsaker	33
4.5.1	Skade valda “fordi kapasiteten ikke strekker til”	33
4.5.2	Skade valda “fordi vedlikeholdet har vært utilstrekkelig”	36
4.5.3	Uttømmende regulering av skadeårsaker?	39
4.6	Unntak frå ansvar ved force majeure?	41
5	Forholdet mellom forurl. § 24 a og skl. § 2-1	43
6	Oppgåva sine funn	46

Kjeldeliste..... 47

1 Innleiing

Dei siste hundre åra har klimaet i Noreg gradvis vorte varmare og våtare. Nedbørsmengdene har auka med om lag 20 %, og det vert spådd ytterlegare auke i framtida. I tillegg regnar det meir intenst enn før, noko som gjer *overvatn* til ei særleg utfordring.¹

Temaet for oppgåva er handtering av overvatn i erstatningsrettsleg samanheng. Det finst ingen legaldefinisjon på overvatn, men ei vanleg oppfatning er at vatn som renn eller mellombels dekkjer jordoverflata, som følgje av nedbør eller smeltevatn er å rekna som overvatn.² Med andre ord; ”heilt vanleg vatn”. Overvatn på avvege kan føra til skade på bygningar, vegar og annan infrastruktur. Forureiningslova (lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensningar og om avfall, heretter ofte forurl.) § 24 a slår fast eit objektivt ansvar for skade som følgje av manglande kapasitet eller vedlikehald av ”avløpsanlegg”.

Problemstillinga i denne oppgåva er kor langt ansvarsregelen i forurl. § 24 a rekk andsynes overvatn.

Utvalet bak utgreiinga “Overvann i byer og tettsteder- som problem og ressurs” delte seg i fire fraksjonar i ansvarsspørsmålet. Usemja knytte seg særleg til om det skulle sondrast mellom reine overvassanlegg og meir tradisjonelle avlaupsanlegg for kloakk og forureina vatn.³ I Fosendommen (Rt. 2012 s. 820) konkluderte fleirtalet på fire dommarar med at dreneringssystemet til vegar kan reknast som ”avløpsanlegg” etter forurl. § 24 a. Ristene ved to fylkesvegar var tetta til av ei snøblanding. Vatnet rann difor langs fylkesvegane og inn i kjellarane til to bustader. Vegeigar vart sagt ansvarleg for skadane fordi dei kunne vore avverja med eit, objektivt sett, betre vedlikehald. Etter mindretalet sitt syn medfører resultatet ubalanse med ansvarsgrunnlaget i skadeerstatningslova (lov 13. juni 1969 nr. 26 om skadeerstatning, heretter ofte skl.) § 2-1.⁴ Meir om dette i ei særskild drøfting i punkt 5 nedanfor.

Temaet i punkt 2 er historia og omsyna bak forurl. § 24 a. I punkt 3 diskuterer eg om vilkåret ”avløpsanlegg” bør tolkast innskrenkande, då særleg med tanke på resultatet i Fosendommen. Dei andre vilkåra i forurl. § 24 a vert analysert i punkt 4. Oppgåva vert avrunda i punkt 6.

¹ Meld. St. 33 (2012-2013) s. 5.

² NOU 2015: 16 s. 30.

³ NOU 2015: 16 s. 211- 217.

⁴ Rt. 2012 s. 820 (avsnitt 60).

2 Historia bak forureiningslova § 24 a

2.1 Innleiing

Når ansvaret etter gjeldande rett skal utgreiast og diskuterast, er det nyttig med eit historisk bakteppe. Tidlegare var ansvarsreglane både for vassleidningar og avlaupsleidningar å finna i vassdragslova (lov 15. mars 1940 nr. 3 om vassdragene, heretter ofte V.). Då vannressurslova (lov 24. november 2000 nr. 82 om vassdrag og grunnvann, heretter ofte vrl.) vart vedteken, vart ansvarsreglane for avlaupsanlegg plassert i forurl. § 24 a. Forureiningslova § 24 a erstatta V. §§ 47 nr. 2 og 115 nr. 2.⁵ Desse føresegnene bygde igjen på det ulovfesta objektive ansvaret for vass- og kloakkanlegg, slik det var utvikla i rettspraksis og juridisk teori.

2.2 Rettspraksis frå vass-og avlaupssektoren

Den industrielle og tekniske utviklinga skapte nye former for skaderisiko. For å kunne subsumera ein del av desse tilfella inn under den allmenne skuldregelen, vart skuldkravet praktisert svært strengt i domstolane. Juridisk teori, særleg Nikolaus Gjelsvik sitt arbeid, bana så vegen for objektivt ansvar uavhengig av skuld, gjennom ei analyse av rettspraksis.⁶ Det objektive ulovfesta ansvaret utvikla seg slik i eit samspel mellom domstolane og juridisk teori.⁷

Vassleidningsdommen (Rt. 1905 s. 715) er den første avgjerda frå Høgsterett der ansvar formelt sett vart statuert på objektivt grunnlag. Ein kommunal vassleidning sprakk og vatnet medførte skader i eit privat bakeri. Bergen kommune hadde ikkje opptrådd aktlaust, men måtte likevel bera ansvaret for skadene. Ei vassleidning under høgt trykk vart karakterisert som ein “stadig Resiko for Omgivelserne.”⁸ Grunna risikoens art vart kommunen som “Bedriftsindehaver [...]”⁹ pålagt ansvar.

Medan skadeårsaka i vassleidningsdommen var at sjølve leidningen svikta, var bakgrunnen for skadene i kloakkledningdommen (Rt. 1935 s. 218) kapasitetsproblem. Kloakk og

⁵ Rt. 2011 s. 1304 (avsnitt 22).

⁶ Nicolaus Gjelsvik, *Om skadeerstatning for rettmæssige Handlinger efter norsk ret*, Kristiania 1897, s. 37.

⁷ Nils Nygaard, *Skade og ansvar*, 6. utgåve, Bergen 2007 s. 253.

⁸ Rt. 1905 s. 715 (s. 715).

⁹ Rt. 1905 s. 715 (s. 716).

regnvatn vart leia i fellesleidningar. Under eit kraftig regnver klarde ikkje kloakknettlet å ta unna alt vatnet og kapasiteten i røyra vart sprengt. Kloakkvatnet trengde opp gjennom kummane, rann vidare nedover vegen og enda opp i kjellarane til nærliggjande hus. Førstvoterande slår først fast at det “alltid vil bli mer eller mindre en skjønssak hvorvidt det er økonomisk forsvarlig eller berettiget at gaa til saa store anleggsutgifter som et teknisk fullkomment eller feilfritt anlegg medfører.”¹⁰ Kommunen stod med andre ord ganske fritt til å bestemma når og i kva grad anlegget skulle utbetrast. Resonnementet utelukka ikkje at kommunen vart sagt ansvarleg på objektivt grunnlag. Høgsterett understreka at det var tale om eit anlegg som var “modent til fornyelse og som paa grunn av sin manglende tidsmessighet innebar en særlig risiko for skade hvis uhellet var ute og et ekstraordinært voldsomt regnskyll plutselig satte inn.”¹¹ Det kan synast som fokuset ligg på at det konkrete anlegget ikkje var forsvarleg, noko som minner om objektivt ansvar for uforsvarleg ordning. Argumentasjonen skil seg på dette punktet frå den meir generelle omtalen av risikoen frå vassleidningar under høgt trykk i vassleidningsdommen.

Nok ein variant av det objektive ulovfesta ansvaret for vass- og avlaupsleidningar, er å finna i Tromsødommen (Rt. 1975 s. 1081). Ein stump av eit elektrikkarrøyr hadde på mystisk vis hamna inn i eit lukka avlaupsanlegg og tetta til kloakkleidningen, noko som førte til tilbakeslag og overfløyning av ein bustad. Skadeårsaka var verken uforsvarleg vedlikehald eller manglande kapasitet, og tilfellet fall difor utanfor ansvarsreglane i vassdragslova. Tromsø kommune vart likevel sagt ansvarleg for skadane på grunn av risikoen kloakkleidningar generelt representerer. Ein samstemd Høgsterett stilte seg bak utgreiinga til underrettane, som omtala risikoen som “særpreget”¹² og “stadig”¹³. Høgsterett sitt syn var at det “verken vil være naturlig eller rimelig om den enkelte bruker av kommunens kloakkanlegg selv måtte bære de økonomiske følger av et uhell som dette som fra hans side var ganske tilfeldig.”¹⁴ Vidare vart tilkoplingsplikta etter bygningslova lagt noko vekt på, medan det at huseigaren, til skilnad frå kommunen, ikkje kunne forsikra seg mot svikt i ei kommunal kloakkleidning vart lagt “betydelig”¹⁵ vekt på. Tilkoplingsplikta og forsikringstanken var nye moment, samanlikna med dei to tidlegare dommane. Det er verdt å

¹⁰ Rt. 1935 s. 218 (s. 219).

¹¹ Rt. 1935 s. 218 (s. 220).

¹² Rt. 1975 s. 1081 (s. 1088).

¹³ Rt. 1975 s. 1081 (s. 1089).

¹⁴ Rt. 1975 s. 1081 (s. 1083).

¹⁵ Rt. 1975 s. 1081 (s. 1083).

merka seg at sjølv om det på dette tidspunktet eksisterte lovreglar for kloakkleidningar, utelukka ikkje det ansvar etter dei allmenne reglar om objektivt ansvar.

2.3 Tidlegare reglar i vassdragslova

2.3.1 Innleiing

Forurl. § 24 a slår fast objektivt ansvar for skadar som skuldast at “kapasiteten ikke strekker til eller at vedlikeholdet har vært utilstrekkelig”. Som nemnt erstatta føresegna vassdragslova §§ 47 nr. 2 og 115 nr. 2. Førstnemnte slo fast ansvar for leidning som er for liten, medan sistnemnte regulerte ansvar der skaden skuldast manglande vedlikehald. Ved første augekast synest det ikkje vera nokre reelle skilnader mellom reglane slik dei var før og slik dei er no. Om hypotesen held mål kjem eg attende til i punkt 4.5.

2.3.2 Objektivt ansvar for manglande dimensjonering

Vassdragslova § 47 nr. 2 slo fast objektivt ansvar for eigar av kloakkleidning der skaden skuldast at leidningen var “for liten til å føre alt tilløpsvatnet”. Ansvaret var avgrensa til “skade som blir voldt ved oversvømmelse”.

I ein dom frå Oslo byrett (Rg. 1957 s. 9) slo byretten fast at Oslo kommune ikkje kunne seiast ansvarleg på bakgrunn av V. § 47 nr. 2. Som følgje av kraftig regnver hadde kloakkvatn strøymd opp gjennom ein sluk og derfrå inn i eit papirlager. Byretten stilte seg bak grunngevinga til underretten og kom til at ansvar for skadane ikkje var heimla i V. § 47 nr. 2. Underretten gir eit samandrag av historikken bak føresegna og kjem til at lovgivar ikkje meinte å “etablere noen ny rettstilstand”.¹⁶ Dommen viser at ei lovfesting av det objektive ansvaret ikkje var til hinder for ei konkret vurdering. Sjølv om skaden skuldast ein underdimensjonert kloakkleidning måtte “ansvaret gis en rimelig begrensning.”¹⁷ Dette er i samsvar med kloakkleidningsdommen, der Høgsterett unngår å slå fast eit generelt ansvar for kloakkleidningar. Underretten tolkar lovregelen i lys av tidlegare rettspraksis. Ein slik framgangsmåte sikrar at det lovfesta ansvaret får mykje dei same konturane som det ulovfesta objektive bedriftsansvaret.

¹⁶ Rg. 1957 s. 9 (s. 17).

¹⁷ Rg. 1957 s. 9 (s. 17).

Vassdragslova § 47 nr. 2 lovfesta altså det tidlegare objektive bedriftsansvaret for dei leidningar og skadeartar som føresegna galdt.¹⁸ Føresegna var ei rein kodifisering av ulovfesta rett. Ho innførde ikkje eit generelt objektivt ansvar for kloakkleidningar.

2.3.3 Objektivt ansvar for manglande vedlikehald

Vassdragslova § 115 nr. 2 var retta mot eigar av “[d]emninger, vassledningar, kloakkanlegg og alle vassdragsanlegg som, i fall de blir ødelagt, kan volde fare for menneskeliv eller annemanns eiendom eller for offentlige eller almenne interesser.” Føresegna slo fast erstatningsansvar for eigar av slike innretningar “selv om det ikke foreligger forsett eller uaktsomhet”. Samanhengen med V. § 47 talar for at føresegna også galdt for kloakkleidningar. Synsmåten har støtte i juridisk litteratur.¹⁹

Føresegna galdt berre for demningar, vassleidningar etc. som “kan volde fare” dersom dei vart øydelagt. Ei naturleg språkleg forståing tyder på at det berre var dei innretningane som gav ein meir kvalifisert risiko dersom dei rauk sund, som var omfatta. Synsmåten i juridisk teori er derimot at formuleringa ikkje avgrensar rekkevidda av regelen.²⁰ Avgrensinga låg heller på eit anna plan. Det var berre for “feil eller mangler” som skreiv seg frå at innretninga ikkje var halden “forsvarlig vedlike” det objektive ansvaret slo inn. På denne måten var ansvaret nært knytt til den generelle vedlikehaldsplikta etter vassdragslova § 115 nr. 1. Vilkåret for ansvar etter V. § 115 nr. 2, var altså at vedlikehaldet, objektivt sett, hadde vore for dårleg, og at det var dette som hadde ført til skade.

Ved å knyta det objektive ansvaret opp mot ein vedlikehaldsstandard vert grensa mot skuldansvaret flytande.²¹ Skilnaden går mest på at eit objektivt ansvarsgrunnlag ikkje gjev rom for personlege orsaksgrunnar. At anleggseigar ikkje hadde kjennskap til at installasjonen burde vore vedlikehalden betre, er irrelevant i ei objektiv vurdering.²²

¹⁸ Tore Sandvik, ”Ansvar for vannledningsskader i naboforhold” i *Med lov skal land byggjast. Heidersskrift til Knut Robberstad, 70 år*, Oslo 1969 s. 133-142 (s. 139).

¹⁹ Sandvik, s. 135.

²⁰ Sandvik, s. 135.

²¹ Peter Lødrup, *Lærebok i erstatningsrett*, 6. utgåve, Oslo 2012 s. 305.

²² Sandvik, s. 136.

2.4 Oppsummert

Rettspraksis før forureiningslova viser at det objektive ansvaret for skader som skuldast enten vass- eller kloakkleidningar, var grunngeve både med art av risiko og vurderingar av kva som kan vera rimeleg. Høgsterett sin argumentasjon tyder på at det galdt eit generelt objektivt ansvar for vassleidningar under høgt trykk. Ein underdimensjonert kloakkleidning *kunne* derimot vera ein særleg risiko som anleggseigar måtte ta ansvar for. Om eit objektivt ansvar gjorde seg gjeldande måtte avgjerast konkret. Reglane i vassdragslova §§ 115 og 47 nr. 2 om objektivt ansvar for uforsvarleg vedlikehald og manglande dimensjonering av vassleidningar, demningar, andre vassdragsanlegg og kloakkleidningar, var ei kodifisering av det ulovfesta objektive bedriftsansvaret. Tromsødommen viser at det ulovfesta objektive ansvaret for kloakkleidningar gjekk lengre enn det lovfesta ansvaret.

Sandvik påpeika at synsmåtane som ligg bak det objektive bedriftsansvaret ikkje fører så langt at det medfører ansvar for den private bygnings- og leidningseigar. Forklaringa er at dei private leidningsanlegga ikkje byr på ein slik “særpreget “stadig Risiko” som et større kommunalt eller kooperativt anlegg, og anleggseieren har i disse tilfellene ikke den samme anledning og foranledning til å spre risikoen som eieren av slike større anlegg.”²³ Sentralt for oppgåva er om synsmåten til Sandvik framleis held seg. Sagt med andre ord: Har det vore ei rettsutvikling bort frå dei omsyna som opphavleg grunn gav det objektive ansvaret?

²³ Sandvik, s. 138.

3 Forholdet mellom forureiningslova § 21 og § 24 a

3.1 Innleiing

Det er alt nemnt at § 24 a kom inn i forureiningslova då ein vedtok vannressurslova. Føresegna fekk då ein naturleg plass i det eksisterande kapittelet om avlaupsanlegg. Ansvarsregelen i forurl. § 24 a skil seg markant frå dei andre reglane i kapittelet om avlaupsanlegg: Forurl. § 22 stiller krav til utforminga av avlaupsanlegg, medan forurl. § 23 gir rettar og plikter når det gjeld tilknytning til eksisterande avlaupsanlegg. Kven som er ansvarleg for drift og vedlikehald av avlaupsanlegget følgjer av forurl. § 24. Vidare har forurl. § 25 med fordeling av utgifter å gjera, og etter forurl. § 26 har kommunen plikt til å tømme ulike typar avlaupsanlegg. Denne korte gjennomgangen viser at forurl. § 24 a har eit heilt anna formål enn reglane elles i kapittelet. Vil det sei at ”avløpsanlegg” etter til dømes forurl. § 23 er noko anna enn eit ”avløpsanlegg” etter forurl. § 24 a?

3.2 Metodiske utfordringar knytt til vilkåret “avløpsanlegg” i forurl. § 24 a

Førearbeida til forurl. § 24 a fortel ikkje at vilkåret; ”avløpsanlegg” skal ha eit anna innhald enn elles i kapittelet.²⁴ Føresetnaden synest å vera at føresegna byggjer på legaldefinisjonen i forurl. § 21. Det kan altså verke som det ligg det same i omgrepet “avløpsanlegg”, uavhengig av kva føresegn det er tale om.

Likevel er det ei allmenn oppfatning at eit vilkår kan få eit ulikt innhald enn elles når det vert tolka i relasjon til ein spesiell rettsverknad.²⁵ Forklaringa er rettskjeldefaktoren reelle omsyn. Ved eit mogleg erstatningsansvar vil dei reelle omsyna vera andre, og ha ei anna vekt enn der spørsmålet til dømes er tilknytingsrett etter forurl. § 23. Bruken av reelle omsyn i rettsbruken gir opning for meir konsekvensorientert tolking.²⁶ Resultatet av ei slik tolking kan vera at andre rettskjeldefaktorar veg tyngre enn ei naturleg tolking av lovteksten. Når den

²⁴ NOU 1994: 12 s. 262.

²⁵ Nils Nygaard, *Rettsgrunnlag og standpunkt*, 2. utgåve Bergen 2004 s.186.

²⁶ Nygaard, *Rettsgrunnlag og standpunkt* s. 95.

endelege lovregelen har ei kortare rekkjevidde enn det ordlyden av vilkåret isolert sett ber bod om, har lova blitt tolka innskrenkande.

Problemstillinga vart sett på spissen i Fosendommen, der Høgsterett for første gong måtte ta stilling til om forurl. § 24 a skulle gjelda reine overvassanlegg. Dissensen viser ulike tilnærmingar på dette punktet. Fleirtalet synest å leggja avgjerande vekt på lova sin ordlyd og det som står (og ikkje står) i førearbeida. Førstvoterande, dommar Bårdsen, uttrykkjer mellom anna at lov og førearbeid er “helt generelle”²⁷ og at han ikkje har “funnet holdepunkter”²⁸ i lov og førearbeid. Mindretalet, dommar Matningsdal, legg meir vekt på reelle omsyn. Han peikar særleg på at forurl. § 21 og dei andre reglane om avlaupsanlegg, har eit anna formål enn erstatningsregelen i forurl. § 24 a. Ved å leggja vekt på kva som var formålet med dei særlege reglane om avlaupsanlegg, kjem han til at omgrepet “avløpsanlegg” berre omfattar bortleiing av vatn frå gater og vegar der vatnet vert leia inn i eit kommunalt avlaupsnett, eller eit tilsvarande privat nett. Omgrepet vert slik tolka innskrenkande.

Omsyna bak ansvarsregelen i forurl. § 24 a er via lite merksemd hjå både mindretal og fleirtal. Dommar Bårdsen referer til førearbeida til forurl. § 24 a, som slår fast at “ansvaret er begrunnet i pulveriserings-og prevensjonshensyn.”²⁹ Vidare viser han til Altadommen (Rt. 2011 s. 1304) og slår fast at forurl. § 24 a er eit “resultat av bevisste lovgiveroverveielser om plassering av risiko”³⁰. Problemet er at desse omsyna og synsmåtane ikkje vert nytta aktivt i den vidare drøftinga.

Eg meiner standpunktet til fleirtalet kan kritiserast på grunn av den manglande prinsipielle tilnærminga til ansvarsspørsmålet for reine overvassanlegg. Framgangsmåten gir eit lite rimeleg resultat, noko som kan påverka prejudikatsvekta til dommen. I same retning verkar dissensen. Etter mi meining, talar både formåla bak dei særlege reglane om avlaupsanlegg og ansvarsregelen i forurl. § 24 a, for ei innskrenka tolking av omgrepet “avløpsanlegg”, når det er tale om skader frå reine overvassanlegg. Standpunktet til fleirtalet medfører eit utvida ansvar samanlikna med det ulovfesta objektive ansvaret. Korleis resultatet står i forhold til skl. § 2-1 skal undersøkjast nærmare i punkt 5. Kva utfordringar eit utvida ansvar fører med seg vil vera ein raud tråd i den vidare analysen.

²⁷ Rt. 2012 s. 820 (avsnitt 28).

²⁸ Rt. 2012 s. 820 (avsnitt 25).

²⁹ Rt. 2012 s. 820 (avsnitt 17).

³⁰ Rt. 2012 s. 820 (avsnitt 17).

4 Kor langt rekk ansvarsregelen i forureiningslova § 24?

4.1 Innleiing

Rekkevidda av erstatningsansvaret etter forurl. § 24 a skal analyserast nærare i det følgjande. Føresegna er retta mot eigarar av “avløpsanlegg”. Kva installasjonar som sorterer under dette omgrepet, er difor eit sentralt spørsmål. Forurl. § 21 definerer både kva som er å rekna som “avløpsvann” og “avløpsanlegg”, og er eit sjølv sagt utgangspunkt for analysen. Anleggseigar kan etter forurl. § 24 a bli gjort ansvarleg “uten hensyn til skyld” der skaden er valda fordi “kapasiteten ikke strekker til” eller fordi “vedlikeholdet har vært utilstrekkelig”. Det skal undersøkjast nærare kva desse vilkåra avgrensar mot, og om forurl. § 24 a omfattar andre skadeårsaker enn desse to.

4.2 Kva vatn er å rekna som “avløpsvann”?

I det hydrologiske kretsloopet forflyttar vatnet seg mellom ulike tilstandar og tilhøyrande omgrep. Når vatnet mellombels dekkjer overflata kallar me det for overvatn, men er det infiltrert i grunnen vert det klassifisert som grunnvatn. Renn overflatevatnet over i eit vassdrag, vert det ein del av vassdraget. Fløymer vassdraget over, er det ikkje overvatn som ligg på jorda, men flaum. Regnar det kraftig, slik at det mellombels vert danna bekkar, er det ikkje vassdrag, men villbekkar.³¹ Dei skiftande omgrepa gjer ansvarsfordelinga mellom huseigar, grunneigar, vegeigar og eigar av vass- og avlaupsanlegg ukklar.³² Kva som er skilnaden på vanleg overvatn og overvatn i forureiningslovas tyding er tema i det følgjande.

I forurl. § 21 første ledd vert “avløpsanlegg” definert som anlegg for “transport og behandling av avløpsvann.” Ei naturleg språkleg forståing av “avløpsvann” leier mot vatn som er ureina eller brukt, altså det mange kallar spillvatn. I andre ledd er det presisert at “sanitært og industrielt avløpsvann og overvann” skal reknast som avløpsvatn. Sidan overvatn er inkludert,

³¹ Prop. 80 L. (2013-2014) s. 59.

³² NOU 2015: 16 s. 45.

er legaldefinisjonen vidare enn det ordlyden gir bod om. Å kalla reint (?) vatn som renn eller ligg på grunnen for avlaupsvatn bryt med vanleg ordbruk.

For eigarar av anlegg for sanitært og industrielt avløpsvatn er det truleg inga overrasking at anlegget er å rekna som “avløpsanlegg” etter forureiningslova. Typisk vil det vera kommunen som eig anlegg for sanitært avløpsvatn, medan industriverksemder som regel må søkja om utsleppsløyve etter kapittel 3 i forureiningslova før etablering av leidning eller reinseanlegg.³³ Situasjonen vil vera ein annan for dei som lagar eit system for å føra bort nedbør og smeltevatt frå til dømes veg eller grunn. Dei færreste ser på slikt overflatevatn som ”avløpsvann”, og har heller ingen grunn til å søkja om utsleppsløyve eller liknande sidan anlegget ikkje forureinar. Dersom alt overvatn er avløpsvatn i forureiningslovas tyding, vil det objektive ansvaret etter forurl. § 24 a gjerne komma overraskande på dei som eig anlegg for utelukkande overvatn. Det er difor relevant å undersøkje om ansvaret etter forurl. § 24 a avgrensar mot visse typar overflatevatn.

I merknaden til forurl. § 21 står det at “overvann (overflatevann) i form av avrenning fra regnvann og smeltevann som avledes på overflaten regnes *i denne sammenheng* som avløpsvann”³⁴ (utheva her). Det følgjer implisitt av formuleringa ”i denne sammenheng” at regnvatt og smeltevatt i utgangspunktet ikkje er å rekna som ”avløpsvann”. Det er først når regnvatt og smeltevatt “avledes” det skal reknast som ”avløpsvann”. Før det vert leia inn i ei leidning eller liknande synest det å vera vanleg overflatevatn, som fell utanfor forureiningslova sine reglar.

Fleirtalet i Fosendommen viste til denne utsegna for å tilbakevisa påstanden til Sør-Trøndelag fylkeskommune om at omgrepet ”overvann” må sjåast i samanheng med “sanitært avløpsvann” i same føresegn.³⁵ Fleirtalet fann likevel ikkje ”holdepunkter for at enkelte *typer* overvann skal holdes utenfor”³⁶ omgrepet “avløpsvann”. Eg meiner rettskjeldebruken til fleirtalet burde vore grundigare på dette punktet. Formuleringa ”i denne sammenheng”

³³ Ot.prp. nr. 11 (1979-1980) s. 125.

³⁴ Ot.prp. nr. 11 (1979-1980) s. 126.

³⁵ Rt. 2012 s. 820 (avsnitt 8).

³⁶ Rt. 2012 s. 820 (avsnitt 25).

inviterer særleg til kontekstuell tolking³⁷ og kan vera nettopp eit haldepunkt for å halda enkelte typar overvatn utanfor omgrepet ”avløpsvann”.³⁸

Dissensen på dette punktet gjer det interessant å sjå nærmare på kva samanheng (jf. “denne sammenheng”) klima-og miljødepartementet eigentleg sikta til.

Formuleringa avsluttar det sjette avsnittet i merknaden til forurl. § 21. Avsnittet startar med å slå fast at “reglane” først og fremst tek sikte på avlaupsvatn som vert leia til kommunalt nett, enten det kjem frå bustader eller industrien. Vidare vert det understreka at sjølv om det ofte vil vera tale om særskilte utsleppsløyve for forureina industrielt avlaupsvatn “som ikke ledes til kommunalt nett”, gjeld reglane i prinsippet likevel for slikt prosessavlaupsvatn. Det er i “denne sammenheng” overvann skulle reknast som avlaupsvatn.³⁹ Avsnittet avdekkjer to moglege samanhengar. Den eine er at reglane det er tale om også gjeld generelt for overvatn som vert leia bort i røyr eller leidningar. Den andre er at overvatn blir rekna som avlaupsvatn når det vert leia til kommunalt nett.

Det går klart fram av merknadane til forurl. § 21 at det er dei særlege reglane om avlaupsanlegg i kapittel 4 det handlar om.⁴⁰ På same stad vert desse reglane omtala som eit supplement til dei allmenne reglane i kapittel 2 og reglane om utsleppsløyve i kapittel 3. Det vert understreka at den som etablerer “ledning eller renseanlegg”⁴¹ må ha utsleppsløyve i samsvar med reglane i kapittel 3. Dersom reglane om utsleppsløyve skulle gjelda for alle leidningar som leier overflatevatn vil det sei at ein må søkja om utsleppsløyve, sjølv om overvatnet ikkje er forureina. Det er vanskeleg å sjå behovet for ei så omfattande løyveordning. At problemstillinga ikkje er løfta fram, talar for at det ikkje var denne samanhengen lovgivar hadde i tankane.⁴² Det synest altså ikkje å vera meininga at dei særlege reglane om avlaupsanlegg skulle omfatta alt av overvatn som vert transportert i røyr eller leidningar.

³⁷ Med kontekstuell tolkning meiner eg at det som vert utleia av rettskjeldene må innordnast i den aktuelle konteksten, eller det aktuelle typetilfellet. I artikkelen ”Individuelle valg og vurderinger i rettsanvendelsesprosessen” i *Jussens venner*, 2001 s. 1-36 (s. 17), skriv Knut Tande at poenget med ein koherens- og typetilfelleorientert rasjonalitet er å ”få formulert problemstillingen skarpere, med mer fokus på helhet, koherens og særlige forhold innenfor det aktuelle rettsområdet.”

³⁸ Slik også mindretalet i Fosendommen, sjå avsnitt 57.

³⁹ Ot.prp. nr. 11 (1979-1980) s. 125-126.

⁴⁰ Ot.prp. nr. 11 (1979-1980) s. 125-126.

⁴¹ Ot.prp. nr. 11 (1979-1980) s. 125.

⁴² Slik også mindretalet i Fosendommen, sjå avsnitt 49- 50.

Samanhengen tyder med dette på at overvatn skal reknast som avlaupsvatn berre når det vert leia til kommunalt nett. At det var ei uttalt målsetning frå forureiningsmyndigheitene si side å sikra betre kontroll over utsleppa inn i det kommunale avløpsnettet underbyggjer dette.⁴³

Slutninga gir utsegna om at reglane for avlaupsanlegg omfattar alle typar leidningar for avlaupsvatn “uansett om det er forurenset eller ikke”⁴⁴ eit meir logisk innhald. Det same gjeld presiseringa av at reglane gjeld både for fellessystem og for separat system.⁴⁵ Kommunen har nemleg behov for kontroll med overvatn når det vert leia inn i det kommunale nettet, uansett om det er forureina eller ikkje.

Ei kontekstuell tolking av førearbeida tyder, som vist, på at regnvatn og smeltevatn berre er å rekna som “avløpsvann” etter forurl. § 21 når vatnet vert leia til kommunalt nett. Merknadane til forurl. § 21, lest i samanheng, viser at føremålet med dei særlege reglane om avlaupsanlegg har vore styrande for omfanget. Hovudmålet med reglane var å sikra betre kontroll med det kommunale avløpsnettet. Når det gjeld overvatn oppstår behov for kontroll enten fordi vatnet vert leia inn i eit kommunalt nett, eller fordi det er forureina (som når det vert leia i fellessystem).

Føresegna si historie viser også at behovet for kontroll med avlaupsvatn har vore styrande for reglane sitt omfang. Forurl. § 22 (dagens § 21) avløyste vassdragslova § 36 då forureiningslova vart vedteken i 1981. Vassdragslova § 36 definerte kloakkledning som “lukket eller åpen ledning for spillvatn og annet urent vatn, andre væsker og avløpsstoffer og for overvatn eller grunnvatn *fra bebygget grunn, fra gravplass eller fra regulert område i by eller på landet*” (utheva her). Den utheva formuleringa viser at overvatn som sorterte under nemninga “kloakkvatn” var avgrensa til å gjelda vatn som vart leia bort frå desse spesifiserte områda.⁴⁶ Overvatn som rann andre plassar enn dette falt utanfor omgrepet. Avgrensinga synest å ha ei side både til geografiske tilhøve og til det som går meir direkte på ureining (gravplassar). Det var nok ikkje det å gi ei geografisk avgrensing som var føremålet med å nemna visse område eksplisitt. Det er meir truleg at siktemålet var å omfatta det overvatnet som det var behov for å kontrollera. Då enten fordi det kunne vera ureina, eller fordi det kunne utfordra kapasiteten til avløpsnettet.

⁴³ Ot.prp. nr. 11 (1978-1980) s. 35 og Innst. O. nr. 25 (1980-1981) s. 12.

⁴⁴ Ot.prp. nr. 11 (1979-1980) s. 126.

⁴⁵ I følge Ot.prp. nr. 11 (1979-1980) s. 126 er fellessystem ”ledninger hvor sanitært/industriavløpsvann ledes sammen med overvann” og separat system når “sanitært/industriavløpsvann og overvann ledes i forskjellige ledninger”.

⁴⁶ Slik også mindretalet i Fosendommen, sjå avsnitt 47.

Ei utsegn frå Miljøverndepartementet si utgreiing frå 1977 kan tyde på at lovgivar utvida definisjonen si geografiske rekkjevidde då forureiningslova vart vedteken. Her står det at forslaget til dagens forurl. § 21, i motsetning til vassdragslova § 36, omfattar “alle ledningar for overflatevann, uansett om det er fra bebyggd eller regulert strøk, eller ikke.”⁴⁷ Spørsmålet er om denne eine utsegna kan takast til inntekt for at lovgivar utvida den geografiske rekkjevidda til forurl. § 21.⁴⁸

Isolert sett talar utsegna for at alle installasjonar som leier overvatn er å rekna som “avløpsanlegg” etter forurl. § 21, uansett om vatnet vert leia inn i eit kommunalt nett eller ikkje. På den andre sida er den omfattande geografiske utvidinga ikkje kommentert av lovgivar, verken i utgreiinga eller i etterfølgjande førearbeid.⁴⁹

Sett i lys av den kontekstuelle og formålsretta tolkinga i avsnitta over, er det mest nærliggjande at lovgivar meinte å omfatta leidningar som leia overvatn inn i kommunale nett. Det spelar sjølvstykke ikkje noko rolle om leidningen ligg i tettbygd eller regulert strøk. Sentralt for kommunen er om overvatnet renn inn i kommunale avlaupsnett. Det er då behovet for kontroll oppstår.

Slutningane viser at ved å ha formålet med reglane om avlaupsanlegg klart for auga, vert det enklare å velja mellom ulike tolkingalternativ. I tillegg gir løysninga betre samanheng og konsekvens i rettssystemet.⁵⁰ Fleirtalet i Fosendommen lukkast etter mi meining dårleg i denne øvinga. Dommar Bårdsen konstaterer først at lova og førearbeida er heilt generelle, og at det ikkje er dekning for at ”det erstatningsrettslige vernet ved skader voldt av avløpsanlegg skulle være systematisk svakere på landet, sammenlignet med byene og andre tettbygde områder.”⁵¹ Her kan det innvendast at ei meir kontekstuell og formålsretta tolking kunne minska det generelle preget til rettskjeldene.

Oppgåva til rettsbrukaren er ikkje å trekkja ei grense ”mellom veier i og utenfor bystrøk og andre tettbygde strøk”.⁵² I staden for å fordela risiko nærmast i ei distriktpolitisk ånd, burde fokuset vore på ei rimeleg avgrensing av eit lovande objektivt ansvar. Typetilfellet var ei erstatningssak. Ei rasjonell tilnærming ville vore å stilla følgjande spørsmål: Kvifor er det

⁴⁷ NUT 1977: 1 s. 143.

⁴⁸ Slik fleirtalet i Fosendommen, sjå avsnitt 24.

⁴⁹ Slik også mindretallet i Fosendommen, sjå avsnitt 49.

⁵⁰ Nygaard, *Rettsgrunnlag og standpunkt*, s. 95-97.

⁵¹ Rt. 2012 s. 820 (avsnitt 28).

⁵² Rt. 2012 s. 820 (avsnitt 28).

rimeleg at eigaren av eit anlegg for handsaming av reint overflatevatn skal betale for skadane? Vanlege husforsikringar dekker i dag ulike former for vasskader som vasskade ved røyrbrot, overfløyning og vassinntrenging utanfrå.⁵³ Forsikringsmomentet synest difor å vega mindre enn kva som var tilfellet i 1975, jf. Tromsødommen omtala i punkt 2.2.⁵⁴ Heller ikkje risikoens art tilseier at anleggseigar er nærmare å bera risikoen for skade. Vatn som finn nye vegar under kraftig regnver er ingen ekstraordinær risiko. Pulveriseringsomsynet gjer seg til ein viss grad gjeldande, men problemet er at utgifta må fordelast over vegbudsjettet til fylkeskommunen. Det er ikkje å venta at fylkeskommunen, i rolla som vegeigar, teiknar ansvarsforsikring som dekker slik skader, slik tilfellet er for kommunar som eig tradisjonelle avlaupsanlegg.⁵⁵

Fleirtalet i Fosendommen synest ikkje å vera oppmerksame nok på dei utfordringane som oppstår når eit ansvarsgrunnlag vert stabla opp på eit fundament som er tiltenkt eit heilt anna formål. Når lovgivar har valt denne lovgivingsteknikken, meiner eg det er særleg viktig at Høgsterett orienterar argumentasjonen kring det aktuelle typetilfellet og sikrar eit koherent og rasjonelt resultat. Dette gjeld særskilt når Høgsterett må ta stilling til spørsmål som er av prinsipiell interesse. Resultatet av Fosendommen er formelt sett at ansvarsregelen i forurl. § 24 a omfattar leidningar for alle typar overflatevatn, uansett om leidningane er knytt til kommunale avlaupsnett eller ikkje. Som det har gått fram av drøftinga over, står dette fram som ei uheldig og veikt grunngjeve løysning.

4.3 Kva kjenneteiknar eit “avløpsanlegg”?

4.3.1 Anlegg for “transport og behandling”

Etter forurl. § 21 første ledd skal anlegg for “transport og behandling” av avløpsvatn reknast som “avløpsanlegg”. Det første spørsmålet er om vilkåra er alternative eller kumulative.

Ordet “og” bind saman vilkåra. Ei naturleg språkleg forståing er difor at vilkåra er kumulative. Vilkåra gir ei samanstilling av to ulike prosessar, som samla utgjer eit

⁵³ NOU 2015: 16 s. 223.

⁵⁴ Slik også Rt. 2014 s. 656 (avsnitt 37- 38).

⁵⁵ NOU 2015: 16 s. 223.

avløpsanlegg. Ordlyden talar dermed imot at lovgivar hadde som mål å regulera ei kvar leidning for overvatn.⁵⁶

I lovutkastet til forurl. § 25 første ledd (som tilsvarar dagens § 21), vart “kloakkanlegg” føreslege definert som “ledningar og renseanlegg for avløpsvann og overflatevann.”⁵⁷

Formuleringa vart erstatta med «anlegg for transport og behandling» i den påfølgjande proposisjonen, utan at endringa vart kommentert. Klima-og miljødepartementet nøyde seg med å konstatere at “anlegg som nyttes til transport og behandling av avløpsvann”⁵⁸, er å rekna som avlaupsanlegg etter forureiningslova. Vidare vert det presisert at dette “vil først og fremst være ledningar og renseanlegg, men også pumpestasjonar og annett utstyr i tilknytning til ledningsnett og renseanlegg må i denne sammenheng regnes som avløpsanlegg.”⁵⁹ Det at “ledningsnett og renseanlegg” konsekvent vert presentert saman, styrkar inntrykket av at innretningane *samla* er å rekna som eit avlaupsanlegg.

Ei naturleg forklaring på kvifor endringa ikkje vart kommentert, er at ho var meint å vera reint språkleg. Ordlyden “ledningar og renseanlegg for avløpsvann og overflatevann” tyder på at det er kombinasjonen av ledningar og renseanlegg som utgjer eit avlaupsanlegg. Å kalle ei enkelt leidning for eit anlegg bryt med vanleg språkbruk. Ordlyden av forslaget understøttar slik at vilkåra “transport” og “behandling” i forurl. § 21 er kumulative.

Ordlyden og førearbeida til forurl. § 21 tyder altså på at me ikkje har med eit “avløpsanlegg” å gjera, før anlegget både transporterar og behandlar “avløpsvann”.

Førearbeida til erstatningsregelen kompliserer likevel biletet noko. Utvalet bak vannressurslova føreslo forurl. § 24 a som ”ein generell bestemmelse om objektivt ansvar for skader som skyldes avløpsledningar”. Utvalet kunne ikkje sjå avgjerande grunnar mot eit slikt ansvar for skade “forårsaket av avløpsledningar”⁶⁰. I sitata er det konsekvent tale om skadar som skuldast avlaupsleidningar, noko som kan tyde på at det objektive ansvaret kan knytast til innretningar som berre har ein transporterande funksjon. Slik kan ein einskild leidning som transporterar reint vatn gå inn under definisjonen ”avløpsanlegg”. På den andre sida er det

⁵⁶ Slik også mindretalet i Fosendommen, sjå avsnitt 51.

⁵⁷ NUT 1977: 1 s. 143.

⁵⁸ Ot.prp. nr. 11 (1979-1980) s.126.

⁵⁹ Ot.prp. nr. 11 (1979-1980) s.126.

⁶⁰ NOU 1994: 12 s. 262.

leidningane som har størst skadepotensial i tradisjonelle spillvassanlegg, noko som kan forklara at “skader” berre er nemnt i denne relasjonen.⁶¹

Den vidare grunngjevinga fortel heller ikkje at det var meininga å omfatta slike einsskilte leidningar. Det som vert er korleis høvet til å ”utligne merutgiftene” og til å ”forsikre seg mot erstatningsansvaret” vil variera, alt etter kven som eig ”avløpsanlegg[et]”. Til slutt vert det framheva at ”preventive hensyn” kan tala for å halda ”ledningseieren” ansvarleg.⁶² Det står ingen plass at ”ledningseieren” er ein annan enn eigaren av ”avløpsanlegg”. Ut frå samanhengen er det difor mest nærliggjande at desse omgrepa er nytta som synonym. At ledningseigar og anleggseigar er ein og same person understøttar at vilkåra ”transport” og ”behandling” er kumulative. Eigaren av avlaupsanlegget eig både den transporterande og den behandlande delen av anlegget.

Slutninga understøttar at eit avløpsanlegg kjenneteiknast av to hovudfunksjonar; transport og behandling. Forstått på denne måten gir det meining at også ei “lukket grøft”⁶³ er å rekna som “avløpsanlegg”. Grøfta utgjer ikkje eit avlaupsanlegg åleine. Det skjer først når ho er kopla saman med ei innretning for handsaming av vatnet. Med dette bakteppet, kan ein gjerne omtala forurl. § 24 a som ein regel om “objektivt erstatningsansvar for skade fra avløpsanlegg”⁶⁴. Ei avlaupsledning utgjer nemleg ein del av avlaupsanlegget som det objektive ansvaret er knytt til.

Når rettskjeldebiletet elles (og ganske eintydig) peikar mot at vilkåra er kumulative, gir det nok ein grunn til å stilla seg kritisk til standpunktet til fleirtalet i Fosendommen.

Førstvoterande dommar Bårdsen uttalar at “transport” og “behandling” er “selvstendige alternativer”, utan å problematisera ordlyden av ”og”. For å underbyggja viser han til definisjonen i Ordbok for vann og avløp frå 1977, der det står at ”avløpsanlegg” omfattar ”avløpsnett, eventuelt pumpestasjon, renseanlegg og utløpsledning.”⁶⁵ Her synest det som at fleirtalet legg meir vekt på ordet ”eventuelt” i ei ordbok frå 1977, enn ordet ”og” i lovteksten. Slutninga synest slik å mangla forankring i autoritative rettskelder.

⁶¹ NOU 1994: 12 s. 262.

⁶² NOU 1994: 12 s. 262.

⁶³ NOU 1994: 12 s. 476 og Ot.prp. nr. 39 (1998-1999) s. 374.

⁶⁴ NOU 1994: 12 s. 475-476.

⁶⁵ Rt. 2012 s. 820 (avsnitt 29).

Resultatet kan heller ikkje seiast å vera rasjonelt grunngjeve.⁶⁶ Når fleirtalet vel å sjå bort frå lova sin ordlyd, opnar det for at eit anlegg som berre er meint for transport kan subsumerast under omgrepet ”avløpsanlegg”. Kombinert med synsmåten at alt overvatn er omfatta, vart konklusjonen til fleirtalet at “anlegg som utelukkende skal lede bort rent overflatevann, for eksempel ved å føre det ned i grunnen eller ut i vassdrag eller sjø”⁶⁷, fell inn under ansvarsregelen i forurl. § 24 a. På denne måten vart tilfellet i Fosendommen nærmast pressa inn i rettskjeldene. Igjen saknar eg ei meir prinsipiell tilnærming til det saka eigentleg handla om; nemleg kva som er ei rimeleg fordeling av risiko når skadeårsaka er overvatn på avvege.

Formelt sett er resultatet av Fosendommen at svært mange innretningar kan subsumerast under omgrepet ”avløpsanlegg” i forureiningslova. I neste underpunkt følgjer ei kort utgreiing av kva innretningar dette kan vera etter gjeldande rett. Vidare vert standpunktet til fleirtalet i Høgsterett utfordra ytterlegare. Rettskjeldebruken vert først gått etter i saumane. Deretter følgjer ei gjennomgang av ulike typetilfelle som illustrerer behovet for ei innskrenkande tolking av omgrepet ”avløpsanlegg” i erstatningsrettsleg samanheng.

4.3.2 Kva innretningar er å rekna som “avløpsanlegg”?

For å avgjera kva som kan koma innunder omgrepet er det naturleg å ta til med premissane til fleirtalet i Fosendommen. Skadene skjedde fordi eit sett rist og kum langs to fylkesveggar hadde blitt tetta til av ei blanding av regnvatn og snø. I dagane før det kraftige regnværet var markene langs vegane snødekte. Regnet blanda seg med snøen og flaut ned i veggroftene langs fylkesvegane, og nådde til slutt ristene. Skulle forurl. § 24 a kunne nyttast som ansvarsgrunnlag, måtte desse ristene reknast som ”avløpsanlegg” med tilhøyrande vedlikehaldsplikt. Etter å ha vist til merknaden til forurl. § 21, held dommar Bårdsen fram at ein under ”annet utstyr” også må inkludere ”rister, kummer og stikkrenner.”⁶⁸ Dersom ristene ikkje vart rekna som ”avløpsanlegg”, ville det ikkje eksistert eit objektivt ansvar for manglande vedlikehald. Sidan slutninga til dommar Bårdsen var avgjerande for ansvar etter forurl. § 24 a, saknar eg ein grundigare bruk av rettskjeldene. Særleg førearbeida har utsegner som burde vore problematisert meir.

⁶⁶ Tande, s. 124.

⁶⁷ Rt. 2012 s. 820 (avsnitt 29).

⁶⁸ Rt. 2012 s.820 (avsnitt 30).

I merknaden til forurl. § 21 står det som nemnt at ”også pumpestasjoner og annet utstyr i tilknytning til ledningsnett og renseanlegg må i denne sammenheng regnes som avløpsanlegg.”⁶⁹ Ein bør for det første merkja seg at utstyret det er tale om er knytt til ”ledningsnett og renseanlegg”. Som analysen i punkt 4.3.1 viser, er det dekning for å omsetja dette til ”avløpsanlegg”, då med både behandlande og transporterande funksjonar. Slutninga gir at det vert sikta til utstyr knytt til slike tradisjonelle avlaupsanlegg. Vidare er det naturleg å spørja kvifor klima- og miljødepartementet meinte at slikt utstyr må reknast som ”avløpsanlegg”. Kva er det i ”denne sammenheng” som kan forklara standpunktet?

Det går ikkje direkte fram av førearbeidet kva samanheng det er snakk om. Ei kontekstuell tolking av førearbeida tyder på at det er omfanget av dei særlege reglane for avlaupsanlegg det vert sikta til (tilsvarande drøftinga i punkt 4.2). Regelen om utgiftsfordeling i forurl. § 25 kan vera ei forklaring på kvifor ”annet utstyr” skulle reknast som ”avløpsanlegg”. Det er naturleg at kommunen også kan krevja utgifter til ”pumpestasjon og annet utstyr” dekkja, når desse innretningane står i tilknytning til avlaupsanlegget elles.

Det som står i førearbeidet vil slik sett ha særleg vekt når det kjem til regelen om utgiftsfordeling i forurl. § 25.⁷⁰ I *erstatningsrettsleg* samanheng bør derimot utsegna ha mindre vekt sidan føremålet er å plassera risikoen for skade hjå anleggseigar, ikkje å sikra kommunen dekning for utgifter i samband med avlaupsanlegga.⁷¹

Dette leier naturleg til spørsmålet om kva innretningar som bør reknast som ”avløpsanlegg” i erstatningsrettsleg samanheng. Verken forurl. § 24 a eller førearbeida gir vegleiing.

Dei opphavlege omsyna bak det ulovfesta objektive ansvaret for vass- og kloakkleidningar peiker mot innretningar som representerer ein særleg risiko for skade. I tillegg kjem dei legislative omsyna. Pulveriseringstanken og prevensjonstanken er særleg nemnt i førearbeida.⁷² Sjølv om desse omsyna kan gi ei viss vegleiing, vil det vera ei retts teknisk tungvint løysning å først kodifisera eit objektivt ansvar for ”avløpsanlegg”, for deretter å avgrensa ansvaret etter slike normative størrelsar.

Analysen i punkt 4.2 viser at rettskjeldene gir støtte for å halda overvatn som ikkje vert leia inn i kommunalt nett utanfor omgrepet ”avløpsvann”. På same måte er det forsvarleg å

⁶⁹ Ot.prp. nr. 11 (1979-1980) s. 126.

⁷⁰ Nygaard, *Rettsgrunnlag og standpunkt*, s. 35-36.

⁷¹ Rt. 2011 s. 1304 (avsnitt 26 og 35).

⁷² NOU 1994: 12 side 262.

konkludera med av vilkåra ”transport og behandling” er kumulative, jf. drøftinga i punkt 4.3.1. Desse to slutningane kombinert gjer at vilkåret ”avløpsanlegg” kan avgrensast til større anlegg. Tolkingsresultatet skapar etter mitt skjønn betre samanheng mellom dei ulike reglane i kapittel 4 i forureiningslova. Endå viktigare er det at ein unngår eit objektivt ansvar for innretningar som ikkje i seg sjølv representerer ein kvalifisert risiko for overvasskade, samanlikna med kva ein elles må rekna med ved større nedbørsmengder. Ein må slik skilja mellom mindre, ufarlege anlegg og større anlegg som inneber kvalifisert risiko. Eit tilleggsargument for ei slik sontring er at slike større anlegg som regel er eigd av kommunen eller private firma, slik at også pulveriseringstanken og forsikringstanken blir aktualisert. Desse omsyna var som nemnt sentrale ved lovfestinga av det objektive ansvaret.⁷³

Ei vurdering av risikoens art og dei reelle omsyna bak eit objektivt ansvar for avlaupsanlegg, talar ytterlegare for at vilkåra ”transport og behandling” bør reknast som ei samanstilling av to ulike prosessar. Det er berre anlegg med slike samansette funksjonar det er naturleg å knyta eit strengt objektivt ansvar til. Dette styrkjer argumentasjonsrekkja i punkt 4.3.1 om at vilkåra er kumulative.

Drøftinga har avdekkja fleire svakheiter ved rettskjeldebruken til fleirtalet i Fosendommen. Formelt sett er rettsregelen likevel at vilkåra ”transport og behandling” er alternative, og at alt anna utstyr som står i kontakt med ei innretning med ei av desse funksjonane, kan reknast som ”avløpsanlegg”. Eg vil no presentera ulike typetilfelle som alle illustrerer at ei så vid tyding av omgrepet ”avløpsanlegg” er lite føremålstenleg.

4.3.3 Dreneringsystem til veg eller “avløpsanlegg”?

Det er interessant å merka seg at innretningar som ”rister, kummer og stikkrenner”⁷⁴ er vanlege deler av dreneringssystemet til vegar.

Etter førearbeida til veglova (lov 21. juni 1963 nr. 23 om vegar) skal blant anna “grøfter, skjæringer, fyllinger, stikkrenner”⁷⁵ reknast som del av vegen. I 2012 hadde Noreg omlag 90 000 km offentleg veg med omlag 50 000 km veggrøfter, og rundt 4000 km lukka drenering langs veg.⁷⁶ Mykje av dette er etter gjeldande rett å rekna som “avløpsanlegg”.⁷⁷ For vegeigar

⁷³ NOU 1994: 12 side 262.

⁷⁴ Rt. 2012 s. 820 (avsnitt 30).

⁷⁵ Ot.prp. nr. 53 (1961-1962) s. 56.

⁷⁶ Rt. 2012 s. 820 (avsnitt 60).

betyr dette at to ulike ansvarsgrunnlag kan gjera seg gjeldande for vatn i grøfter og kummar. Finn ein at vatnet vart (eller skulle) transporterast av eit “avløpsanlegg”, gjeld eit objektivt ansvar for manglande vedlikehald. Er det derimot tale om eit dreneringssystem for veg, vil det berre bli ansvar dersom vegeigar har handla aktlaust.⁷⁸ At to ulike ansvarsgrunnlag kan gjera seg gjeldande for nøyaktig same innretning, synest å vera ei lite heldig løysning.⁷⁹

For offentlig veg utarbeider Statens vegvesen ved vegdirektoratet vegnormalar med heimel i veglova § 13. Handbok 200 Vegbygging frå juni 2014 illustrerer at vegen sitt dreneringssystem normalt ikkje er å rekna som ”avløpsanlegg”. Punkt 401.52 omhandlar eksplisitt ”VA-ledningar”. Punkt 402.23 regulerer blant anna ”drensledningar”. At leidningar for avlaupsvatn er rekna som noko anna enn drensledningar, går klart fram av samanhengen.⁸⁰

Vidare slår formålet bak dei særlege reglane om avlaupsanlegg sjeldan til for eit dreneringssystem langs veg. Så lenge dreneringsvatnet ikkje renn inn i det kommunale avlaupsnett, vil ikkje forureiningsstyresmaktene ha behov for å kontrollera utsleppet.⁸¹ Vegeigar kan heller ikkje krevja kostnadane for drenering av vegen dekkja med heimel i forurl. § 25. Det er jo ingen som er kopla til vegen sitt dreneringssystem, samanlikna med tilknytingsplikta som gjeld for avlaupsanlegg etter forurl. § 23 andre ledd. Me står altså ovanfor ein situasjon der omgrepet ”avløpsanlegg” i forurl. § 24 a rekk vidare enn dei særlege reglane om avlaupsanlegg i kapittel 4.

4.3.4 Drensledning eller “avløpsanlegg”?

I merknaden til forurl. § 21 står det at føresegna ”omfatter vanligvis ikke drensledninger.”⁸² Det vil sei at leidningar som er lagt ned for å drenera grunnen som hovudregel fell utanfor reglane i kapittel 4 i forureiningslova.⁸³ Ei naturleg forklaring på dette er at slike

⁷⁷ Steinar Taubøll, ”Erstatningsansvaret ved svikt i anlegg for overvannshåndtering- hvilken ansvarsmodell bør velges?”, *Kart og plan*, 2016 s. 100-113 (s. 104).

⁷⁸ Taubøll, same stad s. 104.

⁷⁹ Slik også mindretalet i Fosendommen, sjå avsnitt 60.

⁸⁰ Slik også mindretalet i Fosendommen, sjå avsnitt 62-63.

⁸¹ Slik også mindretalet i Fosendommen, sjå avsnitt 67.

⁸² Ot.prp. nr. 11 (1979-1980) s. 126.

⁸³ Slik også fleirtalet i Fosendommen, sjå avsnitt 30.

drensleidningar som regel ikkje er kopla til det kommunale avlaupsnett. ⁸⁴ Det er då ikkje behov for kontroll med desse leidningane, jf. drøftinga i punkt 4.2.

Utvalet bak forureiningslova slo fast at dersom leidningen var “bestemt for andre formål” gjekk han inn under forurl. § 21 og reglane i kapittel 4 berre viss leidningen “i hovudsak er bestemt for kloakkvann eller overflatevann.”⁸⁵ Den påfølgjande proposisjonen la utvalet sine vurderingar til grunn.⁸⁶ Isolert sett tyder denne utsegna på at leidningar som hovudsak leier bort overflatevatn sorterer under omgrepet “avløpsanlegg”. Det vil sei at også ei leidning som drenerer ein veg kan reknast som “avløpsanlegg”, dersom hovudfunksjonen er å leia bort overvatn. Er funksjonen primært å drenera veggrunnen, fell tilfellet derimot utanfor reglane om “avløpsanlegg”.

Det gir likevel dårleg samanheng i regelverket at leidningar som er lagt ned for å sikra betre drenering av regn- og smeltevatn, skal vera underlagt ei anna regulering enn leidningane som leier bort det same vatnet. Skilnaden synest mest å vera at førstnemnde leier vatnet vertikalt, medan sistnemnde leier det horisontalt. Så lenge ingen av leidningane leier vatnet til kommunalt avlaupsnett, eller eit tilsvarande privat nett, bør dei same reglane gjelda etter mitt skjønn.⁸⁷ Kva vatn det er spelar mindre rolle. Det viktige er vel om tilførsla av vatn utfordrar kapasiteten til avlaupsnett?

Formålet bak dei særlege reglane om avlaupsanlegg og samanhengen med reguleringa av dreneringsleidningar, talar slik for at reine overvassleidningar (som ikkje er tilkopla kommunalt avlaupsnett) fell utanfor reglane om ”avløpsanlegg”.

I tillegg kjem det at “grensene mellom overvannledningene og dreneringsledninger for fjerning av vann kan nok være flytende, selv om førstnevnte hovedsaklig tar sikte på bortledning av nedbør.”⁸⁸ Den vanskelege grensedragninga talar for at det ikkje bør gjelda ulike reglar for desse leidningstypane. Fosendommen er eit godt døme på eit dreneringssystem med fleire ulike funksjonar. Som det kjem fram av lagmannsrettens dom, har veggrøfter med leidningar, rist og sandfangkummer ofte fleire funksjonar. Det kan vera

⁸⁴ Kommuneforlaget, *KS Standard abonnementsvilkår for vann og avløp. Tekniske bestemmelser*, 1. utgåve, Oslo 2008 underbygger dette. I punkt 3.1.2 ”Overvanns- og drensledninger” står det at vatn frå tak og overflatevatn skal ”infiltreres i grunnen, ledes bort i eget avløp til vassdrag eller fordrøyes, og må ikke tilføres kommunens ledninger uten samtykke fra kommunen”.

⁸⁵ NUT 1977: 1 s. 143.

⁸⁶ Ot.prp. nr. 11 (1979-1980) s. 126.

⁸⁷ Slik også mindretalet i Fosendommen, sjå avsnitt 67.

⁸⁸ NOU 1994: 12 s. 261.

drenering av veglekamen, å samla opp overflatevatn som renn av vegoverflata, og det kan vera å ta hand om overflatevatn og anna vatn frå ovanforliggjande areal.⁸⁹ Fleirtalet viste til lagmannsrettens synsmåtar og konkluderte med at anlegget var eit “avløpsanlegg”, sidan det hadde som “dominerende funksjon”⁹⁰ å leia bort overvatn.

Det er, etter mi meining, lite føremålstenleg om erstatningsspørsmålet skal vera avhengig av om det er ei drensleidning eller ei overvassleidning. Ein ting er at bevisvurderinga av kva som er “anleggets dominerende funksjon”⁹¹ er krevjande. Viktigare er det at ingen av desse leidningstypane i seg sjølv representerer ein sær eigen risiko.

I merknaden til forurl. § 24 a heiter det at føresegna “omfatter avløpsanlegg både for overvann (avrenning etter nedbør, snøsmelting og fra drenering) og forurenset avløpsvann.”⁹² Dette tolka fleirtalet i Fosendommen til at anlegg “for vidare transport eller bearbeidelse av dreneringsvann”⁹³ vert regulert av dei generelle reglane om avløpsanlegg. Det synest som om fleirtalet her tenkjer seg at dreneringsvatn på eit visst tidspunkt går over til å bli overvatn i forureiningslova si tyding. Legg ein synsmåten til fleirtalet i Fosendommen til grunn, tyder det på at me i dag har eit sett reglar for dreneringssystem som drenerer grunnen, og eit anna for vidare transport av dreneringsvatnet. Dersom leidningen i hovudsak er bestemt for vidare transport frå drensleidning, vil ansvaret etter forurl. § 24 a slå inn. Er det derimot tale om ei vanleg drensleidning, vil verken ansvarsregelen i forurl. § 24 a eller reglane i vannressurslova gjera seg gjeldande, sidan drensleidningar ikkje er “ledningar for vanntilførsel til produksjon eller forbruk.”⁹⁴ Rettsteknisk synest dette som ei løysning det vil vera vanskeleg å handtera.

Rettsregelen er formelt sett at leidningar som hovudsakleg leier bort overvatn er eit “avløpsanlegg” etter forurl. § 24a, uavhengig av om dei er tilknytt kommunale avlaupsnett og uavhengig av risikoen dei eventuelt representerer. Leidningar som har til hovudfunksjon å drenera vegen fell derimot utanfor omgrepet, men andre ansvarsgrunnlag kan gjera seg gjeldande. I punkt 5 ser eg nærare på ansvarsregelen i skl. § 2-1 i relasjon til vedlikehald av dreneringssystem for veg.

⁸⁹ LF 2010-106748, referert Rt. 2012 s. 820 (avsnitt 31).

⁹⁰ Rt. 2012 s. 820 (avsnitt 32).

⁹¹ Rt. 2012 s. 820 (avsnitt 32).

⁹² Ot.prp. nr. 39 (1998-1999) s. 374.

⁹³ Rt. 2012 s. 820 (avsnitt 30).

⁹⁴ Ot.prp. nr. 39 (1998-1999) s. 359.

4.3.5 Grøft eller “avløpsanlegg”?

Etter førebeida til forurl. § 24 er ”lukkete grøfter”⁹⁵ omfatta av definisjonen på ”avløpsanlegg”. Kvifor denne løysninga er valt, står det ingenting om. Førearbeida til forurl. § 21 inneheld ingen liknande standpunkt. I merknadane til forurl. § 21 vert orda ”ledningar” og ”ledningsnett” nytta konsekvent, noko som gir inntrykk av at det er lukka system det siktast til.⁹⁶

Forklaringa på at grøfter er nemnt i førearbeida til forurl. § 24, kan vera at forurl. § 21 vidareførte vassdragslova § 36. Denne føresegna omfatta nemleg både ”lukket og åpen ledning” for kloakkvatn. Den mest nærliggjande forklaringa synest å vera at ”åpen ledning” er omskrive til ”lukket grøft” i førearbeida til forurl. § 24 a. At det kan vera vanskeleg å skilja overvassleidningar frå lukka grøfter, gjer det også føremålstenleg å la lova inkludera begge.⁹⁷

Kva som er skilnaden på ei lukka og open grøft går ikkje direkte fram av førearbeida, men det synest klart at det skal sondrast mellom desse. Elles ville det vore tilstrekkeleg å slå fast at grøfter var omfatta av omgrepet ”avløpsanlegg”.

Følgjande skildring kan gi noko vegleiing: ”En lukket grøft kan enten ha et drenerende steinlag i bunnen, ofte med en fiberduk over for å hindre tiltetting av finmateriale ovenfra, eller perforerte plastrør, som en overvannsledning.”⁹⁸ Skiljet mellom open og lukka løysning verkar til å vera at dei lukka grøftene er meir avanserte enn dei opne. Det er etablert eit ”kunstig” sjikt i dei lukka grøftene, som skal betra dreneringa.

Til dreneringssystema i Fosendommen høyrde ei open grøft som leia vatnet ned i ein kum.⁹⁹ Etter å ha lagt til grunn at vilkåret ”transport” er eit sjølvstendig alternativ, slår førstvoterande fast at “anlegg som utelukkende skal lede bort rent overflatevann, for eksempel ved å føre det ned i grunnen eller ut i vassdrag eller sjø”¹⁰⁰, fell inn under ansvarsregelen i forurl. § 24 a. Fleirtalet seier ikkje eksplisitt at opne grøfter kan reknast som “avløpsanlegg”, men sitatet tyder på at den transporterande funksjonen til anlegget er avgjerande. Vidare vert ikkje

⁹⁵ NOU 1994: 12 s. 476 og Ot.prp. nr. 39 (1998-1999) s.374.

⁹⁶ NUT 1977: 1 s. 143 og Ot.prp. nr.11 (1979-1980) s. 126.

⁹⁷ NOU 1994: 12 s. 102-103.

⁹⁸ NOU 1994: 12 s. 102-103.

⁹⁹ Taubøll, *Erstatningsansvaret ved svikt i anlegg for overvannshåndtering- hvilken ansvarsmodell bør velges?* s. 104.

¹⁰⁰ Rt. 2012 s. 820 (avsnitt 29).

påstanden til Tryg forsikring om at grøfter generelt er omfatta kommentert.¹⁰¹ Det synest dermed som at fleirtalet i Fosendommen meiner at også opne grøfter er omfatta av ansvaret etter forurl. § 24 a.

Overvasslovutvalet kjem så vidt inn på problemstillinga under drøftinga av om definisjonen i forurl. § 21 bør endrast. Utvalet er delt i synet på om endring er naudsynt. Den halvparten som meiner at føresegna ikkje skal endrast legg til grunn at “[b]åde anlegg i form av lukkede og åpne løsnings, herunder anlegg som utelukkende skal samle opp og lede bort rent overvann til resipient, omfattes av denne definisjonen”.¹⁰² Utsegna vert forankra i Fosendommen.¹⁰³ Dette underbyggjer at fleirtalet i Fosendommen la grunnen for ei ytterlegare utviding av omgrepet “avløpsanlegg”, ved å ikkje sondra tydeleg mellom opne og lukka grøfter. Ei grøft som leier reint overflatevatn, kan altså falla inn under ansvarsregelen i forurl. § 24 a.

Omgrepet har slik fått eit svært vidt nedslagsfelt, noko som vert særskilt drøfta av dei nemnte utvalsmedlemma. Det vert føreslege som “forutsetning at det enkelte anlegg gjennom kommuneplan eller reguleringsplan er særskilt definert som et anlegg for å samle opp og avlede overvann på en trygg måte, eller særskilt etablert og/eller konstruert for å håndtere en bestemt mengde overvann, for at anlegget skal omfattes av definisjonen av avløpsanlegg i § 21.”¹⁰⁴ Slik vil utvalet unngå at naturlege fordrøyingsområde og løyper for overvatn fell inn under definisjonen.¹⁰⁵

Ved ei eventuell erstatningssak grunna overvatn på avvege vil det dermed bli avgjerande kva anlegget er definert som i planføresegner. Dette er ressurskrevjande, både når det gjeld tid og kompetanse. Etter mitt skjønn må det vera ei betre løysning at lovgivar regulerer generelt ved å innskrenka vilkåret ”avløpsanlegg”, i staden for at kvar kommune skal måtte gjera det. Den allmenne erstatningsretten gjeld uansett i bakgrunnen og vil kunne fanga opp konkrete saker.¹⁰⁶ Ein annan konsekvens av det utvida nedslagsfeltet er at det kan vera vanskeleg å skilja mellom opne grøfter og vassdrag. I og med at det ikkje eksisterer ei plikt til å

¹⁰¹ Rt. 2012 s. 820 (avsnitt 30-32).

¹⁰² NOU 2015: 16 s. 157.

¹⁰³ Rt. 2012 s. 820 (avsnitt 29).

¹⁰⁴ NOU 2015: 16 s. 157.

¹⁰⁵ NOU 2015: 16 s. 157.

¹⁰⁶ Rt. 2014 s. 656 viser at forurl. § 24 a ikkje utelukkar ansvar for avlaupsanlegg på ulovfesta grunnlag. Meir om dette i punkt 4.5.3.

vedlikehalda vassdrag etter norsk rett, reiser dette nye utfordringar for avgrensinga av ansvaret.¹⁰⁷

4.3.6 Vassdrag eller “avløpsanlegg”?

Definisjonen av “vassdrag” følgjer av vannressurslova § 2. Det er særleg andre ledd bokstav a som er aktuell i denne samanhengen. Her heiter det at reglane for vassdrag også gjeld for “kunstige vannløp med årsikker vannføring unntatt ledningar og tunneler”.

Vrl. § 3 bokstav c slår fast at vassføringa er årsikker dersom ho, ved middeltemperatur, ikkje tørkar ut av naturlege årsaker oftare enn kvart tiande år.

Ordlyden av “kunstige vannløp” gir at vasslaupet ikkje er utforma naturleg. Etter førearbeida skal reglane i lova gjelda for kanalar og opne og lukka grøfter.¹⁰⁸ Det sentrale synest å vera om vassføringa er årsikker, og ikkje i kva grad vasslaupa er opne eller lukka.

Ei grøft med årsikker vassføring vil altså reknast som “kunstig vannløp” og overvatnet som renn her vert kalla “vassdrag”. Er vassføringa derimot ikkje årsikker, er det i utgangspunktet ikkje eit vassdrag. Vrl. § 2 tredje ledd bokstav d opnar likevel for å bringa slike kunstige vasslaup inn under lova sine reglar.¹⁰⁹

Etter Fosendommen kan ei slik grøft vera eit “avløpsanlegg” og overvatnet “avløpsvann” etter forureiningslova, uavhengig av om vassføringa er årsikker. Kunstige grøfter *med* årsikker vassføring kan derimot reknast som eit “vassdrag” og eit “avløpsanlegg” - på same tid. Sidan det ikkje gjeld eit objektivt ansvar for skadar som skuldast manglande vedlikehald av eit vassdrag, er dette uheldig.

Ei ytterlegare svakheit ved premissane til fleirtalet i Fosendommen vert illustrert i neste underpunkt. Ved å slå fast at vilkåra “transport” og “behandling” er alternative, oppstår endå eit tangeringspunkt mellom reglane i forureiningslova og vannressurslova.¹¹⁰ I det følgjande vil eg undersøkjia om ei innretning for transport av overvatn både kan vera eit avlaupsanlegg og eit vassdragstiltak.

¹⁰⁷ NOU 1994: 12 s. 257.

¹⁰⁸ Ot.prp. nr. 39 (1998-1999) s. 322.

¹⁰⁹ NOU 1994: 12 s. 103.

¹¹⁰ Rt. 2012 s. 820 (avsnitt 29).

4.3.7 Ansvar for “vassdragstiltak” eller for “avløpsanlegg”?

I vrl. § 3 bokstav a er vassdragstiltak definert som “vassdragsanlegg og alle andre tiltak i vassdraget som etter sin art er egnet til å påvirke vannføringen, vannstanden, vassdragets leie eller strømmens retning og hastighet eller den fysiske og kjemiske vannkvaliteten på annen måte enn ved forurensning.”

Vannressurslovsutvalet nemner leing av vatn til vassdrag som døme på vassdragstiltak.¹¹¹ I det påfølgjande proposisjonen vert forholdet til forureiningslova teke særskilt opp. Det vert slege fast at tiltak som medfører forureining skal regulerast av forureiningslova, jf. forurl. § 6 første ledd nr. 1 og nr. 4. Er det derimot tale om tilførsel av naturleg materiale bør tiltaket regulerast av vannressurslova.¹¹² Overflatevatn leia ut i vassdrag, som ikkje er forureina, vil dermed kunne vera eit vassdragstiltak etter § 3 første ledd bokstav a.¹¹³

Det betyr at ansvarsreglane i vassdragslova også kan gjera seg gjeldande for eit “avløpsanlegg” etter forureiningslova. At to ulike ansvarsreglar kan gjera seg gjeldande for den same innretninga synest lite gjennomtenkt. I tillegg kjem det at tolegrensa i granelova (lov 16. juni 1961 nr. 15 om rettshøve mellom grannar) § 2 ikkje gjeld for overvasskadar. Det går indirekte fram av forurl. § 24 a siste setning, der det står at “§§ 57-61 gjelder tilsvarende”. For vassdragstiltak gjeld derimot tolegrensa, jf. vrl. § 49 første ledd.

4.3.8 Oppsummert om omgrepa “avløpsvann” og “avløpsanlegg”

Analysen viser at vilkåret ”avløpsanlegg” formelt sett omfattar dei fleste innretningar som i hovudsak er tiltenkt transport eller behandling av avløpsvatn. Etter gjeldande rett vert det ikkje avgrensa mot anlegg som utelukkande leier vekk overvatn. Det spelar heller inga rolle om overvatnet er reint eller forureina, om det vert leia i fellesleidningar, langs veg eller i grøfter. Anlegg med ulike funksjonar knytt til drenering vil vera eit avlaupsanlegg dersom den dominerande funksjonen er å leia vekk overvatn. Funksjonen til leidningane synest avgjerande for om dei fell inn under ansvarsregelen, ikkje arten av risiko leidningen representerer. Eit slikt standpunkt gjer at det lovfesta objektive ansvaret kan omfatta innretningar som ikkje nødvendigvis utgjer ein stadig, typisk og ekstraordinær risiko for

¹¹¹ NOU 1994: 12 s. 51.

¹¹² Ot.prp. nr. 39 (1998-1999) s. 323.

¹¹³ Ot.prp. nr. 39 (1998-1999) s. 322.

overvasskade. Vidare vil heller ikkje pulveriseringsomsynet gjera seg gjeldande for mange av desse innretningane.

Eg har utfordra standpunktet til fleirtalet i Fosendommen og argumentert for ei innskrenkande tolking av omgrepa ”avløpsvann” og ”avløpsanlegg”. Drøftinga har vist at reelle omsyn som rettskjeldefaktorar er viktige i justeringa av eit lovfesta generelt objektivt ansvar for avlaupsleidningar. Forurl. § 24 a er eit ansvarsgrunnlag som vaks fram som følge av domstolane sine konkrete vurderingar. At ansvarsregelen er forsøkt plassert i kategoriske lovreglar, bør ikkje vera til hinder for at retten framleis vurderer art av risiko.

Med ei meir prinsipiell tilnærming til ansvarsreglane kunne fleirtalet i Fosendommen trekt eit tydlegare omriss kring det lovfesta objektive ansvaret. Det vart ikkje gjort. Fokuset låg i staden på kva installasjonar som kan subsumerast under lova sine vilkår. Resultatet er ein ansvarsregel med utflytande konturar. Eg har vist at det vil vera ei viss overlapping mellom eit avlaupsanlegg, eit vassdrag og eit vassdragstiltak etter standpunktet til fleirtalet. I tillegg vil mange dreneringssystem langs vegar kunne reknast som avlaupsanlegg etter forurl. § 24 a. Når omgrepet ”avløpsanlegg” dekkjer så mange innretningar, vert spørsmålet om avgrensing av ansvar på grunnlag av eigarskap særleg viktig.

4.4 Ansvar for anleggseigar

Det er berre ”[a]nleggseieren” som kan stillast ansvarleg på grunnlag av forurl. § 24 a. Ordlyden gir ikkje grunnlag for å skilja ut ei særskilt gruppe eigarar.

Som nemnt i punkt 4.2 var kapittelet om avlaupsanlegg helst tiltenkt kommunalt eigde avlaupsanlegg.¹¹⁴ Reglane gjaldt først og fremst avlaupsvatn leia til “kommunalt nett enten det kommer fra boliger eller fra industrien.”¹¹⁵ Det står likevel ikkje eksplisitt i lova eller førearbeida at forurl § 21 berre gjeld kommunalt eigde anlegg.

Utvalet bak vannressurslova diskuterte plasseringa av ansvarsreglane for avlaupsleidningane. Utvalet kunne ikkje sjå “noen avgjørende grunner mot et slikt generelt objektivt ansvar for skade forårsaket av avløpsledninger. De fleste avløpsanlegg eies og drives i dag av kommuner, som ofte kan utligne merutgiftene gjennom vann-og kloakkavgiften, men også

¹¹⁴ Ot.prp. nr. 11 (1979-1980) s. 35-37.

¹¹⁵ Ot.prp. nr. 11 (1979-1980) s. 126.

private som eier avløpsanlegg vil ha muligheter for å forsikre seg mot erstatningsansvaret. Også skadelidte vil nok ofte ha mulighet til å forsikre seg i disse tilfellene, men hensynet til regelforenkling tilsier en generell regel. Dessuten kan preventive hensyn tilsi at ledningseieren holdes ansvarlig.”¹¹⁶ I den påfølgjande proposisjonen vert dette lagt til grunn utan vidare kommentar.

Fleirtalet i Fosendommen slo på bakgrunn av den eine førearbeidsutsegna fast at ansvaret etter forurl. § 24 a også gjeld “private anlegg”, “uavhengig av hvem som eier anlegget”.¹¹⁷ Det var Sør-Trøndelag fylkeskommune som eigde vegen med tilhøyrande dreneringssystem. Sjølv om det ikkje var tale om ein privat eigar, slo fleirtalet fast at ansvarsregelen gjeld uansett eigarskap. Fosendommen var første gong Høgsterett statuerte ansvar for eit anna organ enn kommunen på bakgrunn av forurl. § 24 a. Sett bort frå ei lagmannsrettsdom frå 2005¹¹⁸, der Stavanger kommune i eigenskap av vegeigar vart sagt ansvarleg etter forurl. § 24 a, har ansvarsregelen berre ramma kommunen som eigar av tradisjonelle vass- og avlaupsanlegg. Problemstillinga var difor av prinsipiell interesse, og argumentasjonen til fleirtalet burde vore betre forankra.

For det første kan den rettskjeldemessige vekta til eit førearbeid på 18 år diskuteras. I tillegg har dette førearbeidet utsegner som var relevante for problemstillinga i Fosendommen. Under drøftinga av ansvarsmodell for vassdragstiltak påpeikar nemleg utvalet at ein generell regel om objektivt ansvar vil famna for vidt. Det vert vist til at ”mange næringsvirksomheter som utfører vassdragstiltak kan være relativt små. Dessuten utføres mange vassdragstiltak utenfor næring.”¹¹⁹ Det synest som at utvalet her legg avgjerande vekt på pulveriserings- og forsikringsomsyna. Etter mitt skjønn er desse omsyna av høg relevans i drøftinga av om eit reint overvassanlegg skal vera omfatta av ansvaret etter forurl. § 24 a.¹²⁰

Mykje av rettspraksis kring forurl. § 24 a gjeld forholdet mellom kommune, som eigar av vass- og avlaupsanlegg, og skadelidne huseigar. I denne relasjonen har rettspraksis karakterisert føresegna som eit “resultat av bevisste lovgiveroverveielser om plassering av

¹¹⁶ NOU 1994: 12 s. 262.

¹¹⁷ Rt. 2012 s. 820 (avsnitt 27).

¹¹⁸ LG-2005-49263.

¹¹⁹ NOU 1994: 12 s.261.

¹²⁰ Taubøll, *Erstatningsansvaret ved svikt i anlegg for overvannshåndtering- hvilken ansvarsmodell bør velges?* s. 106.

risiko for skader som blir forårsaket av avløpsanlegg.”¹²¹ Når erstatningsspørsmålet dukkar opp i andre relasjonar, vil det gjerne vera behov for ei meir elastisk tilnærming.

Pulveriserings- og forsikringsomsynet veg langt frå like tungt når det er tale om bortleiing av overflatevatn, samanlikna med skader frå meir tradisjonelle spillvassanlegg. Den som eig avlaupsanlegg langs veg har nemleg ikkje krav på vass- og avlaupsgebyr, slik tilfellet er for dei kommunale avlaupsanlegga, jf. § 3 i vass-og avløpsanleggslova (lov 16.mars 2012 nr.12). Kommunen kan vidare fordela eventuelle erstatningsutgifter over driftsbudsjettet, det har ikkje vegeigarar same høve til. Omsynet til prevensjon må også seiast å ha meir for seg når det er tale om tradisjonelle avløpsanlegg for spillvatn. Risikoen desse anlegga ofte representerer gjer det meir naturleg at dei som eig slike anlegg har ei skjerpa vedlikehaldsplikt, og at manglande vedlikehald kan medføra ansvar på objektivt grunnlag.

Når ingen av omsyna gjer seg gjeldande i særleg grad, meiner eg det er like nærliggjande at skader som skuldast ei tett rist vert dekkja av huseigarane si ansvarsforsikring, som at vegeigarar skal stå ansvarleg. Vegeigarar, særleg private, har ikkje same høve til å fordela kostnadane som kommunen. Dei har heller ikkje same oppmodinga til å teikna ansvarsforsikring, som det eigarar av ordinære avlaupsanlegg har. I tillegg kjem det at kommunen kan fråskrive seg deler av ansvaret etter forurl. § 24 i standardavtalar. Dette er vanleg praksis ved tilkopling til det kommunale avlaupsnett.

Gjeldande rett er like fullt at ansvaret etter forurl. § 24 a gjeld generelt, uavhengig av kven som eig avlaupsanlegget.

Eg har no gjort greie for og drøfta innhaldet av omgrepa “avløpsvann” og “avløpsanlegg”. Som eigar av eit “avløpsanlegg”, risikerer du objektivt ansvar for skade som anlegget er årsak til. Neste steg i analysen er å sjå nærmare på kva skadeårsaker ansvaret omfattar.

4.5 Skadeårsaker

4.5.1 Skade valda “fordi kapasiteten ikke strekker til”

Anleggseigar er ansvarleg på objektivt grunnlag for skade avlaupsanlegget valdar, “fordi kapasiteten ikke strekker til”, jf. forurl. § 24 a. Ei naturleg tolking peikar mot tilfella der

¹²¹ Rt. 2011 s. 1304 (avsnitt 35) og Rt. 2014 s. 656 (avsnitt 24).

anlegget er underdimensjonert i forhold til mengda avlaupsvatn. Skadeårsaka synest difor å vera mest aktuell for innretningar som på eit eller anna vis skal romma vatnet og som har ei ytre avgrensing, slik som røyr og leidningar.

Som nemnt i punkt 2.3.2 var erstatningsregelen i den tidlegare vassdragslova § 47 nr. 2 retta mot “kloakkleidning” som var “for liten til å føre alt tilløpsvatnet”. Føresegna sa eksplisitt at erstatningsansvaret kunne slå til for “skader som blir voldt ved oversvømmelse.” Dagens lovregel seier ikkje dette direkte, men sidan eit underdimensjonert anlegg i seg sjølv ikkje valdar skade, må det vera underforstått.¹²² Når eit anlegg er for lite til å føra alt vatnet, er nettopp overfløyming resultatet.

Dersom anlegget ikkje klarar å ta unna alt vatnet er det i hovudsak to scenario som sannsynleg kan oppstå: For det første kan overtrykk i leidningane resultera i tilbakeslag. Vatnet strøymer då opp frå slukane i leidningsnett. Skjer det innandørs er kjellaroverfløyming typisk, medan utandørs flyt vatnet opp på uvante plassar. Det andre hendingslaupet er at overvatn ikkje vert leia bort slik det skal.¹²³

Eit tredje scenario kan tenkjast. Etter Fosendommen vil skadeårsaken kunne slå til mot “avløpsanlegg” som ikkje er lukka. Når ei open grøft fløymer over, kan altså forurl. § 24 a kunne gjerast gjeldande. Som vist i punkt 4.3.6 er hovudskilnaden på eit vassdrag i form av ”kunstig vannløp” og ei grøft at det er årsikker vassføring i førstnemnte. Skade som direkte skuldast flaum i eit vassdrag, kan skadelidte få dekka gjennom naturskadeforsikringsordninga.¹²⁴ For andre skader som “direkte skyldes nedbør”, vil det berre bli gitt erstatning “når særlege forhold tilsier det”, jf. naturskadeerstatningslova (lov 15. august 2014 nr.59 om erstatning for naturskader) § 4 tredje ledd.

Når opne grøfter fløymer over på grunn av store nedbørsmengder, har også det karakter av å vera ein naturskade. Eigar av grøfta risikerer likevel ansvar, uansett om det er ”særlege” forhold eller ikkje. Det synest ikkje rimeleg at anleggseigar skal stå objektivt ansvarleg for skadar som i hovudsak skuldast forhold utanfor hans kontroll. Dette tankekorset leier naturleg

¹²² Steinar Taubøll, ”Virkeområdet for forurensningsloven § 24 a om avløpsanlegg, særlig i forhold til overvann og veier”, *Kart og plan*, 2010 s. 166-173 (s. 166-167).

¹²³ Taubøll, same stad s. 168.

¹²⁴ Naturskadeforsikringslova (lov 16.juni 1989 nr. 70 om naturskadeforsikring) § 1 første ledd slår fast at ting som er forsikra mot brannskade, også er forsikra mot naturskade. Naturskade er definert som ”skade som direkte skyldes naturulykke, så som skred, storm, flom, stormflo, jordskjelv eller vulkanutbrudd.”

til spørsmålet om ansvaret etter forurl. § 24 a gjeld uavhengig av kva som er årsak til kapasitetsmangelen.

Ordlyden av “kapasiteten ikke strekker til” avgrensar ikkje mot visse årsaker. Førearbeida til forurl. § 24 a slår vidare fast at anleggseigar også er ansvarleg der “andre” har sett i verk “tiltak i nedbørsfeltet” som har auka avrenninga ut over kapasiteten. Det har ikkje noko å sei at leidningen “opprinnelig hadde stor nok kapasitet”, men det kan vera aktuelt å lempa erstatningsansvaret etter skl. § 5-2.¹²⁵

Det synest som alle årsaker til ein eventuell kapasitetsmangel er omfatta. Fordelen med å inkludera alle årsaker til kapasitetsmanglane er at det forenkler regelen. Ulempa er at eigarar av avløpsanlegg risikerer å stå objektivt ansvarleg for skadar dei vanskeleg kan kontrollera. Der ei eventuell overfløyning kan føra til skadar som overstig det ein huseigar til vanleg er utsett for, gir dette likevel meining.¹²⁶ Problemet er at overfløyning frå ulike typar avlaupsanlegg ikkje nødvendigvis representerer same grad av risiko. Risikoen vil variera, alt etter kva type vatn som vert leia gjennom anlegget. På same måte vil mogelegheita for kontroll variera, alt etter typen anlegg.

Når det gjeld dimensjonering av leidningar for spillvatn (separatsystem), vil anleggseigar normalt ha gode føresetnader for å sørgja for tilstrekkeleg kapasitet på leidningane. Det er nemleg mogeleg å førespegla omtrent kor mykje vatn som vil passera når ein veit kor mange husstandar som er tilkopla avlaupsnett. I tillegg er utslepp frå denne type leidningar noko som absolutt bør unngåast. Både på grunn av forureiningsfaren, og på grunn av at leidningane er direkte kopla til bustader. Det synest difor fornuftig å kopla eit objektivt ansvar til underdimensjonering av denne typen leidningar.

Mogelegheita for kontroll er vesentleg mindre når spillvatn og overvatn vert leia i same leidning (fellessystem). Desse systema er meir sårbare for ytre endringar som aukar mengda vatn som må transporterast vekk. Ei utbygging i området avlaupsanlegget skal tena, vil til dømes føra til fleire tette flater som tak og asfalt. Når det regnar vil vatnet renna fortare mot slukane enn det som var tilfelle før, då vatnet som trakk ned i bakken drygde avrenninga. Eit endra nedbørsmønster, med meir intens nedbør, vil stilla ytterlegare krav til

¹²⁵ Ot.prp. nr.39 (1998-1999) s. 374.

¹²⁶ Historisk har det objektive ansvaret vore knytta til innretningar med skadeevne som går ut over det skadelidne må tola. Det er den risikoen som er uvanleg eller uventa skadelidne treng vern mot. Sjå Nygaard, *Skade og ansvar*, s. 266.

dimensjoneringa.¹²⁷ Likevel kan følgjene ved eit eventuelt utslepp bli så alvorlege at eit objektivt ansvar klart kan forsvarast.¹²⁸

Kva så med leidningane som berre transporterar overvatn? Leidningseigar kan ikkje sikra seg full kontroll over kor mykje nedbør som vil komma. Når reine overvassleidningar er for små vil vatnet finna andre vegar. Dette er sjølv sagt ikkje heldig, men vasskadane utgjør ingen kvalifisert risiko sidan vatnet ikkje skil seg frå anna vatn som ligg eller renn naturleg over grunnen. I og med at verken kontrollargumentet eller risikoargumentet slår til for desse innretningane, er det vanskeleg å sjå behovet for eit objektivt ansvar for manglande dimensjonering. I tillegg er det ofte ikkje den same tette koplinga mellom overvassleidningar og potensielt skadelidne. Skaden kan skje mange kilometer frå den underdimensjonerte leidningen, og det kan vera tvil om kva innretning som eigentleg var årsak til overfløyminga. Dette kan vurderast som eit alminneleg spørsmål om adekvans.¹²⁹ Som nemnt i punkt 2 var det ulovfesta objektive ansvaret bygd opp på grunnlag av ei risikovurdering og kva som er ei rimeleg plassering av ansvar. Eigar av reine overvassleidningar ville ikkje blitt ansvarleg etter ei slik vurdering, mest fordi risikoen ikkje er tilstrekkeleg kvalifisert. Den rettslege avgrensinga av årsakssamanheng er også fundert i kva som er ei rimeleg plassering av ansvar, noko som viser den nære samanhengen mellom ansvarsvilkåra.¹³⁰ Eit objektivt ansvar for underdimensjonerte overvassleidningar er meir som ein gaukunge i denne samanheng, både på grunn av risikoens karakter og potensielt lange og uoverskodeslege årsaksrekkejer.¹³¹

Ved å avgrensa rekkjevidda av omgrepet “avløpsanlegg” til å omfatta større anlegg som leier forureina vatn inn i kommunale avlaupsnett, vil rekkjevidda av det objektiva ansvaret for skadar grunna manglande kapasitet få ei meir rimeleg og føremålstenleg avgrensing.

4.5.2 Skade valda “fordi vedlikeholdet har vært utilstrekkelig”

Denne skadeårsaken dekkjer dei tilfella der skaden skuldast “utilstrekkelig” vedlikehald. Har vedlikehaldet vore tilstrekkeleg vil anleggseigar altså gå fri for ansvar. Ordlyden tyder på at

¹²⁷ Taubøll, *Virkeområdet for forurensningsloven § 24 a om avløpsanlegg, særlig i forhold til overvann og veier*, s. 168.

¹²⁸ Taubøll, *Erstatningsansvaret ved svikt i anlegg for overvannshåndtering- hvilken ansvarsmodell bør velges?*, s. 110.

¹²⁹ Sjø Rt. 1933 s. 475 (Hesjetråddommen) om rettsleg avgrensning ved påverknad av naturkrefter og Nygaard, *Skade og ansvar*, s. 362- 363.

¹³⁰ Carl August Fleischer, ”Noen betraktninger om årsakssammenheng som erstatningsrettslig grunnvilkår”, *Jussens venner 1967* s. 3- 48 (s. 39).

¹³¹ Fleischer, s. 23- 24.

det vert stilt kvalitative krav til vedlikehaldet, men lova seier ingenting om kva som nærmare vert kravd.

Som nemnt i punkt 2.3.3 fastsette vassdragslova § 115 nr. 2 objektivt ansvar for skader som skuldast at aktuelle innretningar ikkje var halde “forsvarlig ved like”, jf. vassdragslova § 115 nr. 1. Ei naturleg språkleg forståing av “forsvarlig ved like” er at det først er ein erstatningsrelevant mangel når innretninga ikkje er forsvarleg vedlikehalde. Slik er vedlikehaldskravet relatert til ein standard for kva som er å rekna som forsvarleg. Kva som er forsvarleg vil truleg variera etter kva innretning det er tale om, og arten av risiko. På denne måten vil krava vera meir fleksible. Ordlyden av “utilstrekkelig vedlikehold” gir ikkje same justeringsmogelegheit. Ved å flytta fokuset frå kva som er forsvarleg til effekten av vedlikehaldet, synest den nye ordlyden i tillegg å omfatta fleire skadeårsaker.¹³² Eit forsvarleg vedlikehald kan nemleg visa seg å vera utilstrekkeleg, til dømes når rista tettast seg til trass for forsvarleg tilsyn. Ei samanlikning av ordlyden av dei to føresegnene, tilseier altså at det har skjedd ei skjerping av ansvaret for skadar som skriv seg frå manglande vedlikehald.

I førearbeida til forurl. § 24 a står det likevel ingenting om at ansvaret skulle skjerpast.¹³³ Det kan tyda på at endringa er reint språkleg.

Høgsterett har handsama fleire saker der manglande vedlikehald av avlaupsanlegget har vore fremja som skadeårsak. Det finst ingen utsegner som direkte gir svar på kva som ligg i ordlyden “utilstrekkelig”, difor vil ei nærmare analyse av Høgsteretts argumentasjon ha noko for seg.

I Altadommen (Rt. 2011 s. 1304) var spørsmålet om kommunen kunne fråskrive seg ansvaret for skadar som skuldast utilstrekkeleg vedlikehald. Under drøftinga viser fleirtalet til at erstatningsansvar etter vassdragslova § 115 nr. 2 ikkje slo inn ”om vedlikeholdet objektivt sett hadde vært tilstrekkelig, men skade likevel skjedde.” På bakgrunn av førearbeida legg fleirtalet til grunn “at det ikke har vært meningen å endre rettstilstanden på dette punktet”.¹³⁴ Mindretalet kommenterer ikkje tolkinga av førearbeida, noko som gir inntrykk av at retten var samstemt på dette punktet.

¹³² Taubøll, *Virkeområdet for forurensningsloven § 24 a om avløpsanlegg, særlig i forhold til overvann og veier*, s. 168.

¹³³ NOU 1994: 12 s. 475-476 og Ot.prp. nr. 39 (1998-1999) s. 254 og s. 374.

¹³⁴ Rt. 2011 s. 1304 (avsnitt 33).

Spørsmålet om vedlikehaldet av avlaupsanlegget hadde vore utilstrekkeleg kom også opp i Moldedommen (Rt. 2014 s. 656). Ein stor stein hadde av ukjende grunnar satt seg fast i det kommunale anlegget. Følgjene var tilbakeslag av kloakk, som gjorde stor skade i eit bustadhus. Huseigaren sitt forsikringsselskap meinte at forsvarleg vedlikehald ikkje var nok til å unngå ansvar etter forurl. § 24 a. Det vart vidare hevda at steinen i det lukka anlegget var ein “feil som etter sin art kunne avdekkes gjennom vedlikehold.”¹³⁵ Når steinen ikkje var fjerna var dermed vedlikehaldet utilstrekkeleg. Eit samstemt Høgsterett var ueinig i denne synsmåten. Sjølv om skaden kanskje kunne vore hindra gjennom vedlikehald, var det ikkje grunnlag for å konkludera med at kommunen “objektivt sett hadde til rådighet egnede og realistiske vedlikeholdstiltak.”¹³⁶ At skaden “etter sin art kan skyldes manglende vedlikehold” var ikkje nok. Skadelidte måtte bevisa at skaden kunne førast tilbake til “objektive mangler ved vedlikeholdet.”¹³⁷ Høgsterett sitt standpunkt synest å vera at den erstatningsrelevante mangelen må gjelda vedlikehaldet, ikkje sjølve innretninga. På denne måten klargjer Høgsterett at det objektive ansvaret er knytt til innsatsen til anleggseigar.

Vidare viser Høgsterett til Tromsødommen, der ein stump av eit elektrikkarrøyr hadde sett seg fast i avløpsanlegget og medført tilbakeslag. Tilfellet falt utanfor ansvar etter V. § 115 nr 2. Vilkår for ansvar etter føresegna vart formulert som at “vedlikeholdet har vært objektivt sett mangelfullt eller dårlig utført”.¹³⁸ Høgsterett i Moldedommen avsluttar med å slå fast at “rettsoppfatningen som på dette punktet ligger til grunn for 1975-dommen, er videreført i forurensingsloven § 24a, jf. Rt-2011-1304 (Alta) avsnitt 33”.¹³⁹

Gjennomgangen av rettspraksis viser altså at vilkåret ”vedlikeholdet har vært utilstrekkelig” ikkje er strengare enn det tidlegare vilkåret “forsvarlig ved like” etter vassdragslova § 115 nr. 1.

Skal det bli ansvar for skade som fylgjer av manglende vedlikehald av avløpsanlegg etter forurensingslova § 24 a, må vedlikehaldet objektivt sett vera “mangelfullt eller dårlig utført”. Ordlyden skal med andre ord tolkast innskrenkande. Krava til anleggseigars innsats vil slik vera meir fleksible enn ordlyden isolert sett gir bod om. Lite vitnar om ei slik fleksibel

¹³⁵ Rt. 2014 s. 656 (avsnitt 26).

¹³⁶ Rt. 2014 s. 656 (avsnitt 27).

¹³⁷ Rt. 2014 s. 656 (avsnitt 30).

¹³⁸ Rt. 1975 s. 1081 (s. 1087).

¹³⁹ Rt. 2014 s. 656 (avsnitt 28-29).

vurdering i Fosendommen. At skadane “ville vært unngått ved et bedre vedlikehold”¹⁴⁰ viser berre at feilen (snø i ristene) etter sin art kan skyldast manglande vedlikehald. Om uttrykking av menneskap var eit objektivt sett realistisk og eigna tiltak, stiller eg meg tvilande til. På bakgrunn av presiseringa i Moldedommen synest resultatet i Fosendommen å vera strengt.

Eit objektivt ansvar for uforsvarleg vedlikehald har mange likskapstrekk med objektivt ansvar for uforsvarleg ordning. Når det i tillegg er ein flytande overgang mellom arbeidsgivar sitt objektive ansvar for tilsette sine aktlause og forsettelege handlingar etter skadeerstatningslova § 2-, og det objektive ansvaret for uforsvarleg ordning, opnar dette for interessante refleksjonar.¹⁴¹ Dette kjem eg tilbake til i punkt 5.

4.5.3 Uttømmande regulering av skadeårsaker?

Forurl. § 24 a slår altså inn ved skader som skuldast manglande dimensjonering eller vedlikehald av avlaupsanlegget. Kva om eit stikkroyr går tett fordi ein gjenstand plutsleg set seg fast grunna handlingar frå utanforståande? Denne skaden kunne verken vore hindra ved betre vedlikehald eller større kapasitet på anlegget. Vil det sei at anleggseigar går fri for ansvar? Spørsmålet i det følgjande er om forurl. § 24 gir ei uttømmande regulering av skadeårsaker.

Ordlyden leier mot at ansvaret berre gjeld to bestemte skadeårsaker. Anleggseigar er ansvarleg for skade valda “fordi” kapasiteten ikkje strekk til eller “fordi” vedlikehaldet ikkje har halde mål.

Utvalet bak vannressurslova føreslo forurl. § 24 a som ein “generell bestemmelse om objektivt ansvar for skader som skyldes avløpsleidningar. Den går derfor lengre enn gjeldende lovbestemmelser i V § 47 nr. 2 og § 115 nr. 2, som knytter seg til bestemte skadeårsaker.”¹⁴² Det var visstnok ingen avgjerande grunnar mot eit “generelt objektivt ansvar”¹⁴³ for skader forårsaka av avlaupsleidningar. Utsegnene talar for at ansvaret etter forurl. § 24 a gjeld alle skader valda av eit avlaupsanlegg.

I merknaden til forurl. § 24 verkar det derimot som at utvalet seier mot seg sjølv. Først vert det slege fast at anleggseigars objektive erstatningsansvar omfattar skadar som “skyldes

¹⁴⁰ Rt. 2012 s. 820 (avsnitt 15).

¹⁴¹ Rt. 2000 s. 388 (s. 394) og Nygaard, *Skade og ansvar*, s. 275.

¹⁴² NOU 1994: 12 s. 262.

¹⁴³ NOU 1994: 12 s. 262.

oversvømmelse eller lekkasje som følge av utilstrekkelig kapasitet eller vedlikehold”.¹⁴⁴

Deretter står det at føresegna “gjelder ikke for andre skadeårsaker, men utelukker ikke at det her inntreer objektivt erstatningsansvar på annet grunnlag”.¹⁴⁵ Denne utsegna er gjenteke i den påfølgjande proposisjonen.¹⁴⁶

Motstriden i førearbeida gjer det uklart kvar grensene går for ansvaret etter forurl. § 24 a. Det er difor behov for tolkingsbidrag frå rettspraksis.

I Stavangerdommen presiserer ein samstemt Høgsterett at ansvaret omfattar skadar “som skyldes oversvømmelse eller lekkasje på grunn av utilstrekkelig kapasitet eller vedlikehold”. Vidare vert det slege fast at føresegna ikkje gjeld for “andre skadeårsaker.”¹⁴⁷ Standpunktet synest å vera at forurl. § 24 a berre gjeld skader som skuldast overfløyning eller lekkasje på grunn av utilstrekkeleg kapasitet eller vedlikehald. Premissane vart lagt til grunn i Altadommen.¹⁴⁸

I Moldedommen uttalar ein samla Høgsterett at forurl. § 24 a ikkje gjeld “enhver skade ved kloakkanlegg, bare skade som skyldes at anleggets kapasitet “ikke strekker til” eller fordi “vedlikeholdet har vært utilstrekkelig”.¹⁴⁹

Nyare, samstemt praksis frå Høgsterett talar altså for at ansvaret etter forurl. § 24 a berre gjeld for skader som skuldast overfløyning eller lekkasje på grunn av utilstrekkeleg kapasitet eller vedlikehald. Rettsregelen samsvarar slik med ordlyden til føresegna.

Problemet er at denne avgrensinga ikkje utgjer store skilnaden i det praktiske liv. Dei aller fleste skader frå avlaupsanlegg vil jo nettopp skuldast ein av desse to skadeårsakene. Slik sett er det i realiteten liten skilnad mellom dagens regel og eit generelt, objektivt ansvar. For forureiningsskade gjeld det eit objektivt ansvar for innretningar som valdar forureiningsskade, jf. forurl. § 55 første ledd. At det gjeld eit generelt, objektivt ansvar for avlaupsanlegg som utgjer ei forureiningsfare er difor forståeleg.

Sidan skadepotensialet ikkje treng skilja seg særleg frå vassdrag i naturleg tilstand står dei reine overvassanlegga derimot i ei heilt anna stilling enn forureining generelt. I denne

¹⁴⁴ NOU 1994: 12 s. 476.

¹⁴⁵ NOU 1994: 12 s. 476.

¹⁴⁶ Ot.prp. nr. 39 (1998-1999) s. 374.

¹⁴⁷ Rt. 2007 s. 431 (avsnitt 32).

¹⁴⁸ Rt. 2011 s. 1304 (avsnitt 22).

¹⁴⁹ Rt. 2014 s. 656 (avsnitt 25).

samanheng er det interessant å merkja seg standpunktet til vannressurslovsutvalet i spørsmålet om det skulle gjelda eit generelt objektivt ansvar for vassdragstiltak. Det vert påpeika at sidan “forurensning generelt bør unngås står vassdragstiltak i en annen stilling. Det skadepotensiale et vassdragstiltak har behøver heller ikke skille seg vesentlig fra vassdragene i naturlig tilstand.”¹⁵⁰ På bakgrunn av ei ganske nyansert drøfting, kom utvalet til at ein generell regel om objektivt ansvar for skade kan tenkjast å bli for vidtgående. Det same gjeld utvilsamt for dei reine overvassanlegga.

Skulle det oppstå skader som ikkje skriv seg frå utilstrekkeleg vedlikehald eller manglande kapasitet, kan anleggseigar likevel bli stilt ansvarleg uavhengig av skuld. Moldedommen illustrerer at ei uttømmende regulering av skadeårsaker etter forurl. § 24 ikkje er til hinder for ”objektivt ansvar på annet grunnlag”.¹⁵¹ For eigaren av reine overvassanlegg er det likevel lite sannsynleg. Vatnet er ikkje forureina av kloakk eller industriavfall, og vasstrykket i desse anlegga utgjer heller ikkje ein kvalifisert risiko for skade.

4.6 Unntak frå ansvar ved force majeure?

Omgrepet force majeure omfattar skadeårsaker som er utanfor påstått skadevaldars kontroll.¹⁵² Tradisjonelle døme er hendingar som krig, jordskjelv og flaum. Når det gjeld avlaupsanlegg, vil voldsomme nedbørsmengder vera ei aktuell force majeure- hending. Spørsmålet her er om force majeure frittek frå ansvar etter forurl. § 24 a. Verken lovtekst eller førearbeida gir rettleiing.

I Stavangerdommen godtok Høgsterett kommunen si ansvarsfråskrivning for skader som skuldast manglande kapasitet til å ta unna uvanleg store nedbørsmengder. I Altadommen var spørsmålet om eigaren av avlaupsanlegget kunne fråskriva seg ansvaret for manglande vedlikehald. Fleirtalet på tre dommarar kom til at det å fråskriva seg ansvaret for manglande dimensjonering ved ekstraordinære nedbørsforhold stod i ei anna stilling. Forklaringa var at forurl. § 24 a vidarefører V. § 47 nr. 2, som ikkje omfatta overfløyming ved “ekstraordinære nedbørsforhold som man ikkje med rimelighet kunne forvente at ble tatt i betraktning ved prosjekteringen og dimensjoneringen av kloakknettet.”¹⁵³ Synsmåten synest å vera at sidan det

¹⁵⁰ NOU 1994: 12 s. 261.

¹⁵¹ Ot.prp. nr. 39 (1998-1999) s. 374.

¹⁵² Lødrup, s. 318.

¹⁵³ Rt. 2011 s. 1304 (avsnitt 28).

objektive ansvaret etter V. § 47 nr. 2 gjorde unntak for force majeure-situasjonar, måtte det vera uproblematisk å avtala seg bort frå slikt ansvar etter forurl. § 24 a.

I og med at forurl. § 24 a vidarefører regelen i V. § 47 nr. 2, er det nærliggjande å slutta at det framleis gjeld eit unntak for ansvar ved manglande dimensjonering ved force majeure-hendingar.

Premissane til fleirtalet i Altadommen tyder derimot på at det ikkje gjeld eit ansvarsfritak for force majeure ved skadar som skuldast manglande vedlikehald.¹⁵⁴

Drøftinga under punkt 4.5.2 viste likevel at terskelen for vedlikehaldsplikta etter forurl. § 24 a er fleksibel. Når det objektive ansvaret berre slår til ved eit objektivt sett uforsvarleg vedlikehald, er det ikkje same behovet for ansvarsfritak ved force majeure.¹⁵⁵ Dersom ei rist vert tetta til under eit voldsomt uvær, vil anleggseigars tilgjengelege ressursar spela inn i vurderinga av om vedlikehaldet er tilstrekkeleg. At ordlyden av “utilstrekkelig” vedlikehald vert tolka innskrenkande, slik at berre det objektivt sett uforsvarlege er omfatta, synest altså å gjera force majeure- vurderinga overflødig.

Ei innskrenka tolking av skadeårsaken manglande vedlikehald har også ein annan konsekvens; nemleg at vurderinga etter forurl. § 24 a kan nærma seg ansvarsgrunnlaget i skadeerstatningslova § 2-1 nr. 1. Tilhøvet mellom desse to ansvarsgrunnlaga er tema i det følgjande.

¹⁵⁴ Rt. 2011 s. 1304 (avsnitt 36).

¹⁵⁵ Taubøll, *Erstatningsansvaret ved svikt i anlegg for overvannshåndtering- hvilken ansvarsmodell bør velges?*, s. 106.

5 Forholdet mellom forurl. § 24 a og skl. § 2-1

Etter standpunktet til fleirtalet Fosendommen vil, som nemnt i punkt 4.3.3, mange dreneringssystem til vegar kunne reknast som “avløpsanlegg”. Det betyr at både forurl. § 24 a og ansvarsregelen i skl. § 2-1 kan gjerast gjeldande der overvasskaden skriv seg frå manglande vedlikehald av avlaupsanlegget (eller dreneringssystemet). Mindretalet held fram “den noe milde aktsomhetsnormen som har vært praktisert for vegvesenets ansvar” og “ubalansen med hensyn til ansvarsgrunnlag”¹⁵⁶ som motargument for eit utvida ansvar etter forurl. § 24 a. Eg vil no undersøkje om det same skadetilfelle som i Fosendommen, nemleg at vatn på avvege har skada bustadar og innbu nedstraums ein offentleg veg, kan falla inn under ansvarsregelen i skl. § 2-1.

Etter skl. § 2-1 er arbeidsgivar ansvarleg for skade arbeidstakarar forsettleg eller aktlaust gjer under arbeidet. I tillegg må krav skadelidne “med rimelighet kan stille til virksomheten eller tjenesten” vera sett til side.

Etter førearbeida har tillegget “de krav skadelidte med rimelighet kan stille” ein dobbelfunksjon ved at det i visse tilfelle skal “utelukke ansvar”.¹⁵⁷ Utsegna har skapt diskusjon i teori og praksis om det gjeld ei mildare norm for visse offentlege verksemder.¹⁵⁸ Det vil gå for langt å gå inn i denne diskusjonen her.¹⁵⁹ Det avgjerande vil uansett vera ei vurdering av om dei forventningane skadelidne med rimelegheit kan stilla, er sett til side. Kva forventningar det er rimeleg at skadelidne har, må avgjerast på bakgrunn av ei heilskapleg, konkret vurdering der ulike moment vil spela inn.¹⁶⁰

Når det gjeld overvatn på avvege er det særleg interessant å sjå korleis ei eventuell ”mild” norm står i høve til naturskapte hendingar. I Rt. 2000 s. 253 (Asfaltkantdommen) krov forsikringsselskapet regress frå staten etter ei motorsykkelulykke. Fleirtalet (dissens 3:2) la til

¹⁵⁶ Rt. 2012 s. 820 (avsnitt 60).

¹⁵⁷ Ot.prp. nr. 48 (1965-1966) s. 79.

¹⁵⁸ Viggo Hagstrøm, *Offentligrettslig erstatningsansvar*, Oslo 1987, s. 385- 389 og Nygaard, *Skade og ansvar*, s. 242.

¹⁵⁹ Sjå detaljert om problemstillinga i Bent Liisberg ”Erstatningsansvaret for offentlig servicevirksomhet”, Bergen 2005.

¹⁶⁰ Erling Hjelmeng, ”Folkerettslig påvirkning av norsk erstatningsrett- to høyesterettsdommer”, *Tidsskrift for erstatningsrett, forsikringsrett og trygderett*, 2016 s. 211- 229 (s. 217- 218).

grunn at det må skiljast mellom skader som skuldast “unntatelse av å forebygge eller avverge skader fra en skaderisiko som truer fra naturens side [...] og skader som skyldes aktive handlinger fra det offentliges egen side”¹⁶¹. I siste tilfelle må vanlege krav til aktsemd gjelda, og det vart lagt til grunn i saka. Staten vart dømd for manglande merking av nokre asfaltkantar som var skuld i ulykka. Begge fraksjonar synest å meina at der det er “ytre rammevilkår som gjer at det finst risikofaktorar”¹⁶², vil det kunne påverka vurderinga. Mykje regn på kort tid er ein skaderisiko som trugar frå naturen si side. Overført til vårt tilfelle talar dette for at ansvarsterskelen er lågare enn ved menneskeskapt risiko.

Skrivne retningslinjer vil også kunne sei noko om kvar grensa mellom det forsvarlege og det uforsvarlege går.¹⁶³ Mindretalet i Asfaltkantdommen påpeikar at der det er gjort ei “fagmessig vurdering av risikomomenta og rette vedkommande har funne at ei ordning er forsvarleg”, skal det mykje til for at ei slik vurdering i ettertid vert rekna som aktlaus.¹⁶⁴ For vegeigar vil det sei at ansvar etter skl. § 2-1 er lite aktuelt dersom dei skrivne retningslinjene for vedlikehald av vegen sine dreneringssystem er følgde.

Andre relevante moment i den heilskaplege vurderinga er arten av dei skada interesser og kva høve til forsikring skadelidne har.¹⁶⁵ At dei fleste forsikrar husa sine mot overvasskader talar for å avgrensa ansvaret til vegeigar mot slike skader.

Det er etter dette lite som tyder på at skl. § 2-1 vil føra til ansvar i eit tilfelle likt Fosendommen. Det synest dermed som at det er ein ubalanse mellom desse to ansvarsgrunnlaga, slik mindretalet hevda. Dette er ikkje ei heldig løysning. For å setja det på spissen kan det føra til at vegeigar let vera å drenera vegen, for å unngå ansvar etter forurl. § 24 a.¹⁶⁶

Som vist i punkt 4.5.2, verkar vedlikehaldskravet å vera modifisert etter Moldedommen. Dette kan ha retta opp noko av skeivheita. Kva som skil ei objektivisert culpavurdering gjennom vektlegging av skrivne retningslinjer frå eit objektivt ansvar for uforsvarleg vedlikehald, er ikkje openbert.¹⁶⁷ Den nærare grensedragninga let eg liggja. Her vil eg berre

¹⁶¹ Rt. 2000 s. 253 (s. 265).

¹⁶² Rt. 2000 s. 253 (s. 260).

¹⁶³ Med heimel i veglova § 13 er det utforma vegnormalar for offentlig veg. Desse sikrar standardiserte, tekniske løysningar.

¹⁶⁴ Rt. 2000 s. 253 (s. 261).

¹⁶⁵ Rt. 2000 s. 253 (s. 265).

¹⁶⁶ Hagstrøm, s. 40.

¹⁶⁷ NOU 1982: 19, s. 19-20.

peika på at dei tiltaka som objektiv sett er ”egnede og realistiske”¹⁶⁸ ofte vil vera samanfallande med kva ein med rimelegheit kan venta. Begge ansvarsgrunnlaga synest slik å gi rom for samfunnsøkonomiske prioriteringar.

Uansett meiner eg at skl. § 2-1 i større grad sikrar ei rimeleg risikofordeling. Grunnen er at føresegna nettopp legg opp til ei heilskapleg, konkret vurdering av kva som er rimeleg. Det objektive ansvaret etter forurl. § 24 a er derimot ikkje utforma med tanke på slike elastiske vurderingar, og difor er ei medviten tolking av vilkåret ”avløpsanlegg” heilt avgjerande for eit rimeleg resultat.

¹⁶⁸ Rt. 2014 s. 656 (avsnitt 27).

6 Oppgåva sine funn

Formelt sett kan den som etablerer system for bortleiing av overvatn risikera ansvar etter forurl. § 24 a. Det synest dermed som at det har vore ei rettsutvikling bort frå dei omsyna som opphavleg grunn gav det objektive ansvaret.

Gjennom oppgåva har eg vist at ei kontekstuell tolking av dei sentrale vilkåra i forurl. § 24 a gjer at omfanget av det lovfesta objektive ansvaret samsvarar betre med omsyna som ligg bak både det ulovfesta, og det lovfesta ansvaret for avlaupsanlegg. Ei innskrenkande tolking gjer at eigarar av reine overvassanlegg som hovudregel ikkje kan stillast ansvarleg på bakgrunn av forurl. § 24 a. Etter mi meining er standpunktet til mindretalet i Fosendommen det mest rimelege, både i den konkrete saka og som generell regel.¹⁶⁹ At ansvaret etter forurl. § 24 a i hovudsak *ikkje* gjeld dei reine overflatevassanlegga, skapar i tillegg betre samanheng med tilgrensande lovreglar. Sidan dei fleste huseigarar har teikna forsikringar som dekkjer dei potensielle skadane, vil ikkje standpunktet i nemneverdig grad gå ut over skadelidnegruppa. Det er viktig med førebyggjande tiltak for å unngå overvasskadar, men eit objektivt erstatningsansvar synest ikkje å vera rette verkemiddelet. Då er heller skrivne retningslinjer og gode planprosessar å tilrå.

Overflatevatn er eit felles problem, og anlegg for bortleiing av dette vatnet er eit nyttig samfunnstiltak. Etter mitt skjønn er det ei svært dårleg løysning å knyta eit objektivt ansvar til slike innretningar.

¹⁶⁹ Nygaard, *Rettsgrunnlag og standpunkt* s. 154-155.

Kjeldeliste

Lover:

Lov 15. mars 1940 nr. 3 om vassdragene (oppheva).

Lov 16. juni 1961 nr. 15 om rettshøve mellom grannar.

Lov 21. juni 1963 nr. 23 om vegar.

Lov 13. juni 1969 nr. 26 om skadeerstatning.

Lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall.

Lov 16. juni 1989 nr. 70 om naturskadeforsikring.

Lov 24. november 2000 nr. 82 om vassdrag og grunnvann.

Lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg.

Lov 15. august 2014 nr. 59 om erstatning for naturskader.

Førearbeid og offentlege utgreiingar

Ot.prp. nr. 53 (1961-1962) Om ny veglov.

Ot.prp. nr. 48 (1965-1966) Om lov om skadeerstatning i visse forhold.

NUT 1977: 1 Utkast til lov om vern mot forurensing og forsøpling med motiver.

Ot.prp. nr. 11 (1979-1980) Om lov om vern mot forurensninger og om avfall (Forurensningsloven).

Innst. O. nr. 25 (1980-1981) Innstilling fra kommunal og miljøvernkomitéen om lov mot vern mot forurensninger og om avfall (Forurensningsloven).

NOU 1982: 19 Generelle lovregler om erstatning for forurensningsskade.

NOU 1994: 12 Lov om vassdrag og grunnvann.

Ot.prp. nr. 39 (1998-1999) Lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven).

Meld. St. 33 (2012-2013) Klimatilpasning i Norge.

Prop. 80 L. (2013-2014) Lov om erstatning for naturskader (naturskadeerstatningsloven).

NOU 2015: 16 Overvann i byer og tettsteder- som problem og ressurs.

Domar

Rt. 1905 s. 715 (Vassleidning).

Rt. 1935 s. 218 (Kloakkleidning).

Rt. 1975 s. 1081 (Tromsø).

Rt. 2000 s. 253 (Asfaltkant).

Rt. 2007 s. 431 (Stavanger).

Rt. 2011 s. 1304 (Alta).

Rt. 2012 s. 820 (Fosen).

Rt. 2014 s. 656 (Molde).

Rg. 1957 s. 9 (Oslo Byrett).

LG-2005-49263 (Gulating lagmannsrett).

LF-2010-106748 (Frostating lagmannsrett).

Juridisk litteratur:

Gjelsvik, Nicolaus, Om skadeerstatning for rettmæssige Handlinger efter norsk ret, (Kristiania 1897).

Hagstrøm, Viggo, Offentligrettslig erstatningsansvar, (Oslo 1987).

Jakobsen, Guttorm, Vann og avløpsrett, (Oslo 2010).

Nygaard, Nils, Rettsgrunnlag og standpunkt, 2. utgåve (Bergen 2004).

Nygaard, Nils, Skade og ansvar, 6. utgåve (Bergen 2007).

Liisberg, Bent, Erstatningsansvaret for offentlig servicevirksomhet, (Bergen 2005).

Lødrup, Peter, Lærebok i erstatningsrett, 6. utgåve (Oslo 2012).

Juridiske artiklar:

Hjelmeng, Erling, ”Folkerettslig påvirkning av norsk erstatningsrett- to høyesterettsdommer”, *Tidsskrift for erstatningsrett, forsikringsrett og trygderett*, 2016 s. 211- 229.

Sandvik, Tore, ”Ansvar for vannledningsskader i naboforhold” i *Med lov skal land byggjast. Heidersskrift til Knut Robberstad 70 år*, Roar Hauglid, Kaare Haukaas, Olav Lid, Mons Nygard, Einar Stavang og Magnus Aarbakke (skriftstyre) (Oslo 1969) s.133-142.

Tande, Knut, ”Individuelle valg og vurderinger i rettsanvendelsesprosessen” i *Jussens venner*, 2001 s. 1-36.

Taubøll, Steinar, ”Virkeområdet for forurensningsloven § 24 a om avløpsanlegg, særlig i forhold til overvann og veier”, *Kart og plan*, 2010 s. 166-173.

Taubøll, Steinar, ”Erstatningsansvaret ved svikt i anlegg for overvannshåndtering- hvilken ansvarsmodell bør velges?”, *Kart og plan*, 2016 s.100-113.

Andre kjelder:

Kommuneforlaget, ”KS Standard abonnementsvilkår for vann og avløp. Tekniske bestemmelser”, Oslo 2008:

https://www.norskvann.no/images/tones/PDF/Tekniske_bestemmelser.pdf. (sist lest 26. mai).

Statens vegvesen, “Håndbok 200, Vegbygging”, Oslo 2014:

[http://www.vegvesen.no/_attachment/188382/binary/980128?fast_title=Håndbok+N200+Vegbygging+\(21+MB\).pdf](http://www.vegvesen.no/_attachment/188382/binary/980128?fast_title=Håndbok+N200+Vegbygging+(21+MB).pdf). (sist lest 26. mai).

